



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 105 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i lov om stadnamn
(om høvet grunneigarar har til å fastsetje
skrivemåte av bruksnamn m.m.)

Innhald

1	Samandrag – hovudinnhaldet i proposisjonen	5	3.4	Reglar om skrivemåten	22
2	Bakgrunnen for framlegga	6	3.4.1	Gjeldande rett	22
2.1	Representantframlegg om endringar i stadnamnlova	6	3.4.2	Høyringsnotatet	22
2.2	Kulturminneverdien til eit stadnamn	6	3.4.3	Synspunkta i høyringsrunden	22
2.3	Historikk	7	3.4.4	Departementets vurdering	23
2.4	Tilhøvet mellom bruksnamn og gardsnamn	7	3.5	Vedtakskompetansen til Kartverket	24
2.5	Tilhøvet mellom etternamn og gardsnamn	7	3.5.1	Gjeldande rett	24
2.6	Namnegjeving	8	3.5.2	Høyringsnotatet	24
2.7	Namnelovgjeving internasjonalt ...	8	3.5.3	Synspunkta i høyringsrunden	25
2.7.1	Dei sameinte nasjonane (SN)	8	3.5.4	Departementets vurdering	25
2.7.2	Stadnamnforvaltning i dei nordiske landa	9	3.6	Nærare om saksbehandlinga	25
2.7.3	UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv	10	3.6.1	Gjeldande rett	25
2.8	Høyringsnotatet	10	3.6.2	Høyringsnotatet	25
3	Lov om stadnamn	14	3.6.3	Synspunkta i høyringsrunden	26
3.1	Formålsparagrafen	14	3.6.4	Departementets vurdering	27
3.1.1	Gjeldande rett	14	3.7	Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn	28
3.1.2	Høyringsnotatet	14	3.7.1	Gjeldande rett	28
3.1.3	Synspunkta i høyringsrunden	15	3.7.2	Høyringsnotatet	28
3.1.4	Departementets vurdering	15	3.7.3	Synspunkta i høyringsrunden	30
3.2	Tydeleggjering av definisjonar	16	3.7.4	Departementets vurdering	30
3.2.1	Gjeldande rett	16	3.8	Presisering av klagereglane	31
3.2.2	Høyringsnotatet	17	3.8.1	Gjeldande rett	31
3.2.3	Synspunkta i høyringsrunden	17	3.8.2	Høyringsnotatet	31
3.2.4	Departementets vurdering	18	3.8.3	Synspunkta i høyringsrunden	32
3.3	Tydelegare namnevern	19	3.8.4	Departementets vurdering	32
3.3.1	Gjeldande rett	19	4	Økonomiske og administrative konsekvensar	33
3.3.2	Høyringsnotatet	20	5	Merknader til dei enkelte paragrafane	34
3.3.3	Synspunkta i høyringsrunden	21			
3.3.4	Departementets vurdering	21			
				Forslag til lov om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)	38

Prop. 105 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)

*Tilråding frå Kulturdepartementet 17. april 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag – hovudinnhaldet i proposisjonen

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til endring av lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova). Formålet med stadnamnlova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gje dei ei praktisk og tenleg skriftform og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Som oppfølging av Innst. S. nr. 124 (2008–2009) om representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker og Olemic Thomassen om endring av bruksnamn utan grunneigars samtykke føreslår departementet å endre § 6 *Nærmare om saksbehandlinga*. Endringa i § 6 gjer at grunneigaren får rett til å fastsetje skrivemåten på bruksnamn (namn på gardsbruk eller annan eigedom). Kartverket vil framleis vere formelt vedtaksorgan i sakene, men dersom grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten han ønskjer, har vore i bruk som bruksnamn, skal skrivemåten kunne vedtakast utan vidare. Det er

ikkje relevant om skrivemåten er i tråd med norske rettskrivingsprinsipp, slik føresetnaden er i gjeldande lov.

Departementet føreslår i tillegg endringar i stadnamnlova §§ 1, 2, 3, 4, 5, 8 og 10. Definisjonar, struktur og språk er gjort enklare og meir forståeleg. Lovteksten er fleire stader presisert.

Konsekvensane av framlegget til lovendring er at bruksnamna blir ein del av råderetten til grunneigaren. Namn på eigedom eller gardsbruk under eit gardsnummer (bruksnamn) kan etter framlegget få ein skrivemåte som strir mot offisielt tilrådd skrivemåte, dersom eigaren ønskjer det. Bruksnamn vil dermed ha svakare vern enn andre stadnamn, som framleis vil vere offisielt normerte før dei blir tekne i bruk i offentleg teneste. Endringar i ei rekkje føresegner vil samstundes tydeleggjere kva kulturminneverdien til stadnamna er, og legitimere offisiell normering som vernetiltak.

2 Bakgrunnen for framlegga

2.1 Representantframlegg om endringar i stadnamnlova

13. januar 2009 behandla Stortinget Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomiteen om eit representantframlegg frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommessen (H). Dei ønskte ei endring i stadnamnlova som sikrar grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte av namnet på eigedomen sin. Slik avgjerdsrett er ønskt fordi det vil vere i tråd med eigedomsrett og slektskjensle.

I innstillinga frå familie- og kulturkomiteen heiter det m.a.:

«(...) det bør utredes å endre loven slik at kravet om at navnene skal følge gjeldende rettskrivingsprinsipper ikke skal gjelde selve gårds-/bruksnavnet, og at kravet om ensartet skrivemåte i ulike funksjoner oppheves. Komiteen mener at grunn-eieres synspunkt i saken bør tillegges særskilt vekt.»

Som oppfølging av Innst. S. nr. 124 (2008–2009) føreslår departementet å endre lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova).

I ein merknad i Innst. S. nr. 124 (2008–2009) uttalte komiteen følgjande: «Komiteen anser det som nødvendig med endring i sammensetningen av klagenemnd for stedsnavnsaker for å sikre større legitimitet ved behandlingen av klagesaker. Komiteen ber departementet komme tilbake så snart som praktisk mulig med en lovendring som sikrer bredere sammensetning av nemnda, hvor det tas hensyn til lekmannsrepresentasjon og tilstrekkelig uavhengighet fra vedtaksorganet.»

Endring i samansetjinga av Klagenemnda for stadnamnsaker vart sett i verk i forskrift 3. november 2009. Nemnda har no to lekrepresentantar oppnemnde på fritt grunnlag, i staden for éin. Departementet oppnemner klagenemnda for fire år om gongen. Representantane skal ha språkleg og juridisk kompetanse. Lekrepresentantane blir oppnemnde etter framlegg frå KS.

Klager skal rettast til vedtaksorganet. Klagenemnda for stadnamnsaker behandlar klagesaker som ikkje er omgjorde av vedtaksorganet. Avgjerder i klagenemnda er endelege. Sidan 2008 har nemnda omgjort éi av fem saker. Nemnda er uavhengig av vedtaksorganet, som er Statens kartverk eller vedkomande kommune. Departementet kan ikkje overprøve eller instruere nemnda.

2.2 Kulturminneverdien til eit stadnamn

Formålet med stadnamnlova går fram av § 1. Det er å «ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». Stadnamna er ein del av vår felles kulturarv. Dei gjev opplysningar om språk, terreng, ferdselsårer, dyreliv, plantevekst, militære varslingsystem, kyrkjeleg styring, folkelege gjeremål, ordbruk, arbeid, tenkjemåte og levevis.

I merknadene til § 1 i forarbeida til gjeldande lov (Ot.prp. nr. 42 (2004–2005)) er det understreka at det som er avgjerande for kulturminneverdien til eit stadnamn, er at det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved namnet kjem fram. Det språklege aspektet ved stadnamna er viktig. Forma som namnet har i nedervd lokal uttale, er utgangspunkt for normering og har i seg sjølv kulturminneverdi. I stadnamnlova § 4 går det fram at nedervd lokal uttale skal tilpassast norske rettskrivingsprinsipp når ein fastset skrivemåten. På den måten blir i stor grad det språklege uttrykket vidareført ved normering. Nokre gonger vil det språklege uttrykket i namnet ikkje gje meining for oss i dag, men også slike namn er viktige å vidareføre. Formålet med lova er likevel å gje namna ein skrivemåte som i seg sjølv ikkje skjuler meningsinnhaldet i namnet.

Vernetiltaket i lova er å formidle namna i ei rettskriving som sikrar at gamle stadnamn blir vidareførte med utgangspunkt i nedervd lokal uttale og med ein skrivemåte som er praktisk for kartprodusentar, brukarar og tenesteutøvarar, og

som ikkje i seg sjølv skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet. Den nærare reguleringa av skrivemåten følgjer av forskrift om skrivemåten av stadnamn 1. juni 2007, gjeven med heimel i stadnamnlova § 13.

2.3 Historikk

På 1900-talet vart det utferdta kongelege resolusjonar om korleis bruksnamna skulle skrivast. I 1961 vart det avsagt ein høgsterettsdom der staten ved Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet vart fråkjend retten til, i offisielle publikasjonar, å bruke dei namneformene som kom inn i den reviderte matrikkelen i 1880-åra. Med heimel i skylddelingslova skulle staten berre sjå til at skrivemåten var i tråd med gjeldande rettskrivingsreglar. Dommen, som vart avsagd under dissens, avdekte eit uklart rettsgrunnlag, som gjorde det usikkert kva staten kunne bestemme, og på den andre sida kor omfattande råderett grunneigaren hadde over bruksnamnet. Etter dommen vart det sett i gang ein prosess som enda med at lov om stadnamn vart sanksjonert 18. mai 1990. Bruksnamna hadde elles vore tema i «Innstilling om språksaken» («Vogt-komiteén») i 1964 og seinare i ein NOU om stadnamn frå 1983.

2.4 Tilhøvet mellom bruksnamn og gardsnamn

I Nynorskordboka, som er ei allmennordbok, er *gard* definert som ein «eigedom, bustad med hus og dyrkingsjord». I daglegtalet syner ofte omgrepet *gard* til konkrete bygningar med jordbruksareal rundt. I stadnamnlova og innanfor namnefaget har *gard* og dermed *gardsnamn* ei anna tyding. Bygningane eller tuftene etter ein opphavleg *gard* finst kanskje ikkje lenger. Det er kanskje berre stadnamnet som gjev opplysningar om at området har vorte busett rundt ein faktisk *gard*. Gardsnamn er i stadnamnlova § 2 bokstav b definert som «namn på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til». Altså er gardsnamnet ofte namn på eit område som gjennom tida har utvikla seg til å femne om ein krins av eigedommar, kanskje ei lita grend, som seinare kan ha gjeve namnet til ein heil kommune. *Bruksnamn* er definert i stadnamnlova § 2 bokstav c som «namnet på ein eigedom med eitt eller fleire gardsnummer eller festenummer under eitt gardsnummer». I området som gardsnamnet dek-

kjer, er det ofte ikkje berre éin grunneigar, men mange. Namnet på dei lågaste bruksnummera er ofte samanfallande med gardsnamnet, men då gjerne med eit presiserande tillegg som «nordre», «søre», «nedre», «store» og liknande.

Busettingshistorisk har gardsnamna ein annan status enn bruksnamna. Dei kan vere så gamle som 2000 år og er eit utgangspunkt for anna namnelaging på staden, t.d. ved at naturlokalitetar, bygdelag, skular, kyrkjer, bruer og vegar får namn etter garden. Ikkje sjeldan er gardsnamnet opphavleg namn på ein annan lokalitet, t.d. ein naturlokalitet. Som naturnamn er *Mo* (av norrønt *mór* 'mo, tørr sandslette') eit svært vanleg namn på ein naturlokalitet. I dei fleste høva er då gardsnamnet *Mo* ei sekundær namnedanning. Gardsnamnet fører i slike tilfelle vidare eit naturnamn.

2.5 Tilhøvet mellom etternamn og gardsnamn

Om lag 70 pst. av nordmenn i dag har etternamn av gardsnamn. Det finst ikkje mange namn i *Norske Gaardnavne*¹ som ikkje også er etternamn. Denne namneskikken er truleg unik i Europa og heng saman med busettingsstrukturen vår. I tillegg har nok folk oppfatta ein slik namnetradisjon som «heimleg» på folkeleg og kledeleg vis².

På bygdene var det heilt fram til slutten av 1800-talet uvanleg med faste etternamn. Derimot brukte ein tilnamn, helst i form av eit patronym (sen- eller dotter-namn). Det rådde «islandske tilstandar» på den måten at ein Anders med tilnamnet Olsen *var* son av ein Ole, og Kari Olsdotter *var* dotter hans. I dag er sen-namna stivna som etternamn, slik at til og med jentebarnen av Ole kan vere «son av farfar sin». Også gardsnamn kunne bli brukte som tilnamn, men dersom ein flytta frå ein *gard* til ein annan, vart som regel det gamle gardsnamnet bytt ut med namnet på den nye buplassen. Dette vart dermed det nye tilnamnet.

Fleire namneskikkar levde side om side, og det var trong for sikker identifikasjon av borgarane. Då ei lov om personnamn vart vedteken i 1923, vart det påbode med faste etternamn. Lov 9.

¹ Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne* (utgjeve frå 1897 til 1924) inneheld normert skrivemåte, opplysningar om uttale, historiske skrivemåtar og tolkingsframlegg til namna på matrikkelgardane i Noreg. Det er i dag standardverket om stadnamn i Noreg.

² Nedrelid, Gunnlaug 2002. «*Framvoksteren av norske slektsnamn.*» I: Å kallast med sitt rette namn. Norsk lokalhistorisk institutt.

februar 1923 nr. 2 om personnavn (navneloven) sa at ein som etternamn kunne bruke «navnet på en gård (bruk) eller plass, hvor vedkommende bor, såfremt gården (bruket) eller plassen eies eller brukes av ham selv eller nogen av hans foreldre eller besteforeldre». Mange tok gardsnamn som etternamn, men etternamnsfunksjonen er relativt ny og gardsnamnfunksjonen er gamal. Etternamnet har gjerne ein forvanska skrivemåte som t.d. *Moe*, *Dahl* og *Wiik*, fordi skrivemåten av etternamn ikkje har hatt same regulering som stadnamna. Rettnok skreiv ein sekretær i Justisdepartementet ei kommentarutgåve til namnelova med presiseringar om at ein berre hadde rett til å ta «det uforfalskede, ubesmykkede navn»³. Dersom garden heitte Berg, «kan man ikke anta slektsnavnet Bergh, og heter den Purkerud, kan man ikke kalle sig Ruud.» Dette viser at også det offentlege i personnamnlova frå tidleg av hadde intensjonar om å regulere skrivemåten. Dette er det ikkje spor av i personnamnlova i dag. Ein del av gardsnamna har på si side vore normerte før stadnamnlova påbaud det. Allereie i 1838-matrikkelen er namn som *Mo* og *Vik* normerte fordi kaptein Gerhard Munthe hadde fått i oppgåve av regjeringa å vurdere skrivemåten og fornorske denne.

I dag høyrer personnamnlova og stadnamnlova til to ulike lovgevingsområde. Medan eit personnamn har vore sett på som ein privat eigedom, har det vore vanleg å sjå stadnamna (t.d. gardsnamn, bruksnamn, vegnamn) som eit felleseige. Likevel er det ikkje til å kome ifrå at mange grunneigarar ønskjer at skrivemåten av etternamnet skal leggjast til grunn når det offentlege har bruk for å vedta ein skrivemåte av eit bruksnamn, t.d. i samband med framlegg til nye adressenamn, der bruksnamnet inngår som del av adressenamnet.

2.6 Namnegjeving

Dei aller fleste stadnamna i dag er resultat av spontan eller folkeleg namnegjeving på t.d. åkrar, fjell og vatn rundt oss. Prototypen på eit nordisk stadnamn er eit ord for ein terrengformasjon som har vorte til eit namn på ein stad; slik *mo* har vorte til *Mo*. Deretter har terrengformasjonen *Mo* også gjerne gjeve namn til ein gard osv. Ein talar derfor om primære og sekundære namnelagingar. Når *Mo*, som opphavleg var eit naturnamn, har gått over til (også) å vere namn på ein gard, er *Mo* som gardsnamn etter fagliteraturen ei sekundær nam-

nedanning. Det er i lys av dette vi må forstå § 4 andre ledd første punktum i dagens stadnamnlov:

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

For gards- og bruksnamn som opphavleg t.d. har vore naturnamn, inneber dette at skrivemåten på naturnamnet skal vedtakast før ein kan fastsetje skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn. Bruksnamn er i mange tilfelle nyare enn gardsnamna og har derfor ofte sekundær funksjon. Skrivemåten av gardsnamn vil derfor vere retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn.

Dei fleste stadnamna som i dag blir tekne i bruk av det offentlege, har vorte til spontant på folkemunne av dei som ferdast i eit område. Andre namn er resultat av meir eller mindre formell dåp. Slik planlagd døyping forekom også i tidlegare tider, men det er først i dei siste 150 åra at planmessig namnegjeving har vore vanleg. Den planmessige namnegjevinga i dag må likevel ofte samanliknast med «oppkalling». Nye kulturformasjonar (ei bru) eller kulturformasjonar utan eit namn (t.d. ein veg) skal ha namn som skal brukast av det offentlege. Det er då vanleg at ein kommune som skal gje namn til ein veg som ledd i pålagt adresseringsarbeid, vil ta i bruk namn som har folkeleg tradisjon og ein nedervd lokal uttale. Då har ofte namnet også ein eller fleire skrivemåtar som har vore i offentleg bruk, men dei er ikkje alle like godt kjende. Nokre av skrivemåtane er allereie normerte, jf. kap. 2.5 ovanfor. Desse skrivemåtane kan nyttast som grunnlag for å gjere vedtak om skrivemåten av det nye namneobjektet. Då er det ikkje nødvendig med ei namnesak, men andre gonger har namnet ingen vedteken skrivemåte. Dersom ein veg skal «kallast opp» etter eit bruk som ikkje har ein vedteken skrivemåte, bør det i dei fleste tilfella reisast namnesak. Då hender det at grunneigaren av bruket ønskjer ein skrivemåte på bruket som er den same som skrivemåten av etternamnet hans. Den ønskje skrivemåten kan avvike frå rettskrivingsprinsippa i norsk og kan derfor vere umogleg å vedta etter gjeldande lov.

2.7 Namnelovgjeving internasjonalt

2.7.1 Dei sameinte nasjonane (SN)

I 1967 vart det oppretta ein SN-organisasjon for standardisering av stadnamn, United Nations

³ Lundh, Henrik 1924. Navneloven av 9. februar 1923. Med innledning og kommentar. Kristiania.

Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN). Resolusjon nummer 4 frå den første konferansen i Geneve i 1967 (1/4) slår fast at nasjonal standardisering av stadnamn både har økonomiske og praktiske fordelar. Nasjonal standardisering er også eit viktig grunnlag for internasjonal standardisering av stadnamn. UNGEGN oppmodar derfor til å bruke nasjonalt standardiserte former også i internasjonale samanhengar, til dømes på kart og i dokument. UNGEGN har som mål at alle medlemslanda skal ha eit nasjonalt vedtaksorgan og retningslinjer for standardisering av stadnamn.

2.7.2 Stadnamnforvaltning i dei nordiske landa

Alle dei nordiske landa regulerer skrivemåten av stadnamn når desse skal brukast av det offentlege. Det gjeld òg dei fleste andre landa i Vest-Europa.

Forvaltninga av stadnamna i dei nordiske landa inneheld like element. Hovudregelen i alle landa er at rettskrivinga er styrande for skrivemåten av stadnamn. Ulike språkhistoriske tilhøve, ulik namnetradisjon, ulik busetjingsstruktur, ulik rettskrivingspraksis og ulikskapar i sosiologiske og juridiske tilhøve som knytter seg til råderett over eigedom osv., har medført variasjon i reguleringa.

Noreg

I Noreg er det Statens kartverk som gjer vedtak om skrivemåten av stadnamntypar som gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, statlege anlegg osv. Kommunane gjer vedtak om skrivemåten av adressenamn og namn på vegar, torg, bydelar, budstadvfelt osv. Stadnamntenesta er rådgjevande organ i alle saker som gjeld skrivemåten av norske, samiske og kvenske stadnamn som blir brukte i offisiell samanheng, og som blir vedtekte av Statens kartverk og kommunane.

Stadnamntenesta for norske og kvenske stadnamn er administrativt underlagd Språkrådet, men opererer på sjølvstendig fagleg grunnlag etter stadnamnlova. Sametinget har ansvaret for stadnamntenesta for samiske stadnamn.

Sverige

I Sverige er det *Lantmäteriet* som, i nært samarbeid med *Institutet för språk och folkminnen* og *Riksantikvarieämbetet*, som har rolla som nasjonal stadnamnmyndigheit. Frå og med 1. juli 2000 har

det vore ein formålsparagraf om stadnamn i den svenske kulturminnelova (§ 4). Her heiter det at ein ved statleg og kommunal forvaltning må følgje «god ortnamnssed». Etter lovteksten inneber dette blant anna at hevdvunne stadnamn ikkje kan endrast utan særlege grunnar, og at stadnamn skal følgje svensk rettskriving, med mindre hevdvunne skrivemåtar talar for noko anna. Lovteksten omhandlar altså både namneval og rettskriving, men gjev ikkje like detaljerte retningslinjer for skrivemåten som det norske regelverket gjer. Når det gjeld namn på eigedom, er det føresegnene i *Förordningen (2000:308) om fastighetsregister* som regulerer vedtakskompetansen til Lantmäteriet. Lantmäteriet er vedtaksorgan i saker som gjeld namn på eigedom, men hentar inn synspunkt både frå eigar, kommunar, Riksantikvarieämbetet og Institutet för språk och folkminnen (jf. Språkrådet)⁴. Den endelege stavemåten av eit eigedomsnamn (bruksnamn) kan ikkje vere i strid med rettskrivingsprinsippa i svensk eller bryte med sterk hevd. Grunneigarar har generelt ikkje stor påverknadskraft på skrivemåten av stadnamn og er berre rekna som part i saka dersom eigedomsnamnet fell saman med stadnamnet det er reist sak om.

Danmark

Stednavneudvalget er den instansen i Danmark som fastset skrivemåten av danske stadnamn. Dette utvalet har sekretariat på *Afdeling for Navneforskning* ved *Nordisk Forskningsinstitut* ved Københavns Universitet. Stednavneudvalget, som vart oppretta i 1910, sender innstilling til Kulturministeriet, som godkjenner namneformene. Gjennom heile sitt virke har utvalet halde på prinsippet om at det berre kan eksistere éin korrekt skrivemåte av eit stadnamn. Det følgjer også av dette prinsippet at det berre er éin korrekt stavemåte for alle godkjende samansetjingar med eitt bestemt namn. Dette svarar til den norske regelen om at skrivemåten i primærfunksjonen er retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Alle stadnamn skal som hovudregel følgje dansk rettskriving. Det einaste unntaket er at ein kommune kan be om å få lov til å skrive eit stadnamn med *Aa* eller *aa* i staden for *Å* eller *å*. Dersom kommunane elles har andre ønske, har utvalet i visse tilfelle kome lokalsamfunnet i møte og dermed brote med vanleg rettskriving. Sted-

⁴ Det svenske Språkrådet, som tilsvarar det norske Språkrådet, er organisert under Institutet för språk och folkminnen.

navneudvalget fastset berre stavemåte på ein gard eller eit bruk dersom jordarealet er større enn 100 hektar, eller dersom det er praktiske behov for det, t.d. ved kartutgjeving. Stednavneudvalget behandlar aldri saker frå enkeltpersonar. Viss ein grunneigar vil ha ein annan skrivemåte enn den vedtekne, må saka gå via kommunen, som kan søkje *Geodatastyrelsen* eller Stednavneudvalget om endring.

Island

På Island skal spørsmål om korleis ein skriv islandske stadnamn, rettast til *Örnefnanefnd*, som fungerer som offisiell stadnamnmyndigheit. Språkforskarar ved *Árni Magnússon-instituttet for islandske studium* har den rådgevande funksjonen i normeringsarbeidet.

Island har ei eiga lov om namn på gardsbruk, *Lög um bæjanöfn* o.fl. Denne lova gjev først og fremst retningslinjer for val av namn på nye bruk. Blant anna er det eit krav om at namn på nye bruk skal ta omsyn til den islandske gardsnamntradisjonen. Det er *Örnefnanefnd* som etter lova med tilhøyrande forskrifter anten godtek eller forkastar ein søknad om namn på nytt gardsbruk eller endringar av eit allereie eksisterande namn. Dette utvalet høyrer inn under Utdannings-, forskings- og kulturdepartementet, og vedtak gjort av *Örnefnanefnd* kan ein anke til departementet.

Finland

Det er *Forskningscentralen för de inhemska språken* som har hovudansvaret for språkrøkt i Finland, også standardisering av stadnamn.

2.7.3 UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv

Stadnamn er immaterielle kulturminne. Historisk sett er det den materielle delen av kulturarven som har vore omfatta av eit rettsleg vern. Det gjeld både nasjonalt og internasjonalt. Innanfor UNESCO-systemet fekk den materielle kulturarven ein konvensjon i 1972 med verneføreseigner for verdas natur- og kulturarv. I 2003 var ein konvensjon for den immaterielle kulturarven på plass, og Noreg ratifiserte i 2006 UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven, jf. St.prp. nr. 73 (2005–2006).

Artikkel 2 i konvensjonen definerer immateriell kulturarv blant anna slik: «muntlige tradisjoner og uttrykk, herunder språk som et uttrykksmiddel for immateriell kulturarv». Denne kulturarven

har vorte overført fra generasjon til generasjon. Eitt av formåla med UNESCO-konvensjonen er å sikre immateriell kulturarv som ikkje har kjend opphavsmann, og som dermed er å rekne som ein kollektiv eigedom i meininga kulturuttrykk som alle kan bruke, men som ingen har eksklusiv, privat eigedomsrett til.

For å verne og fremje immateriell kulturarv pliktar kvar konvensjonspart etter artikkel 13 a) å «vedta en overordnet politikk som tar sikte på å fremme den immaterielle kulturarvens rolle i samfunnet og integrere vern av denne arven i sitt planleggingsarbeid». I St.prp. nr. 73 (2005–2006) om tilslutning til konvensjonen er stadnamnlova nemnd som ei av lovene som varetek tilhøve som kjem inn under føresegnene i konvensjonen. *Sentralt stadnamnregister (SSR)*, administrert av Statens kartverk som vedtaksorgan etter stadnamnlova, kjem under det som artikkel 12 omtalar som forteikningar eller register over immateriell kulturarv, og som alle statar pliktar å ha.

Ein ratifikasjon av UNESCO-konvensjonen inneber ikkje at Noreg har forplikta seg til eit bestemt nivå for vern av stadnamna. Departementet vurderer det slik at alle framlegga om endring i stadnamnlova er innanfor rammene av UNESCO-konvensjonen. Endringsframlegget fører ikkje til eit bortfall av vernetiltaka i lova, nemleg offisiell normering på fagleg grunn. Bruksnamna har med endringframlegget om at grunneigaren skal kunne bestemme skrivemåten, fått redusert vern, men ikkje mista vernet. Dei er framleis omfatta av formålsparagrafen, og Kartverket er framleis formelt vedtaksorgan. Endringa består i at grunneigaren i saker som gjeld namn på eige bruk, kan fastsetje skrivemåten av bruksnamnet dersom han kan dokumentere at ønskt skrivemåte har vore i offentlig bruk som bruksnamn. For andre stadnamn vil vernet vere det same som i gjeldande lov. I tillegg har departementet styrkt formålsparagrafen.

2.8 Høyringsnotatet

Departementet sende 2. juni 2014 ut høyringsnotat med framlegg til endringar i stadnamnlova. Det kom inn 89 høyringssvar.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa
Direktoratet for naturforvaltning
Forsvarets militærgeografiske teneste
Klagenemnda for stadnamnsaker

Meteorologisk institutt
 Noregs geologiske undersøking
 Noregs vassdrags- og energidirektorat
 Norsk kulturråd
 Norsk lokalhistorisk institutt
 Språkrådet
 Statens kartverk
 Vegdirektoratet

Sametinget

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet
 Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet
 (NTNU)
 Universitetet i Agder
 Universitetet i Bergen (UiB)
 Universitetet i Nordland
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Stavanger
 Universitetet i Tromsø

Fylkeskommunane
 Fylkesmennene
 Kommunane

Rettshjelpskontoret i Indre Finnmark

Bokmålsforbundet
 Det Norske Akademi for Språk og Litteratur
 Halti kvenkultursenter IKS
 KS
 Kvenlandsforbundet
 Navnebeskyttelsen i Norge
 Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
 Noregs Mållag
 Norges Bondelag
 Norges Bygdekvinnelag
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norske Kveners Forbund (Ruijan Kveeniliitto)
 Norsk-finsk forbund
 Norut
 Posten Norge AS
 Riksmålsforbundet
 Samarbeidsnemnda for namnegransking
 Storfjord språksenter
 Vadsø museum – Ruija kvenmuseum

Høyringsfristen var 2. september 2014. I høyringa kom det til saman inn 89 høyringssvar.

Følgjande instansar har realitetsmerknader til framlegget i høyringsnotatet:

Justis- og beredskapsdepartementet

Klima- og miljødepartementet
 Kommunal- og moderniseringsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet

Klagenemnda for stadnamnsaker
 Meteorologisk institutt
 Miljødirektoratet
 Norsk lokalhistorisk institutt
 Riksantikvaren
 Språkrådet
 Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka
 Stadnamntenesta for Midt-Noreg
 Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg
 Stadnamntenesta på Vestlandet
 Statens kartverk

Sametinget

NTNU – Institutt for historiske studium
 UiB – Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Hordaland fylkeskommune
 Rogaland fylkeskommune

Aukra kommune
 Bærum kommune
 Giske kommune
 Hareid kommune
 Hemnes kommune
 Lunner kommune
 Meråker kommune
 Nord-Aurdal kommune
 Odda kommune
 Skodje kommune
 Stavanger kommune
 Trondheim kommune
 Tydal kommune
 Ullensvang herad
 Vennesla kommune
 Østre Toten kommune

Alvdal og Tynset Mållag
 Alversund Mållag
 Bergen Mållag
 Bergen ungdomslag Ervingen
 Bokmålsforbundet
 Buskerud Mållag
 Folldal Mållag
 Gausdal Dialekt- og Mållag
 Hadeland Dialekt- og Mållag
 Hardanger Folkeminnelag
 Hardanger Historielag
 Landbruksmållaget
 Levanger Mållag

Melhus Mållag
 Mållaget Vikværingen
 Navnebeskyttelsen Norge
 Nord-Aurdal Mållag
 Noregs Mållag
 Norges Bondelag
 Norsk bonde- og småbrukarlag
 Norsk namnelag
 Norske Kveners Forbund – Ruijan Kveeniliitto
 Nynorsklaget
 Osterøy Mållag
 Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi
 Romsdal Mållag
 Sandefjord og Sandar Mållag
 Suldal Mållag
 Sunndal Mållag
 Surnadal Heimbygdlag
 Toten Dialekt- og Mållag
 Trønderlaget
 Ullensvang Mållag
 Ulvik Mållag
 Valdres Historielag og Valdres Bygdebok
 Valdres Mållag
 Vennesla Dialekt- og Mållag
 Våler historielag
 Ørsta Mållag
 Øvre Romerike Mållag

Fire privatpersonar

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje vil gje høyringsfråsegn, eller at dei ikkje har merknader til framlegget:

Arbeids- og sosialdepartementet
 Barne-, likestillings- og inkluderings-
 departementet
 Forsvarsdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Utanriksdepartementet

Nedre Eiker kommune
 Noregs vassdrags- og energidirektorat
 Vanylven kommune

Hovudframlegget i høyringsrunden var å endre stadnamnlova §§ 6 og 8 slik at eigaren av eit gardsbruk har det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn. Etter framlegget skal det avgjerande ordet gjelde dersom grunneigaren kan dokumentere at ønskt skrivemåte har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Det ende-

lege ordet i bruksnamnsaker vart etter framlegget i stadnamnlova § 8 overført frå Kartverket til grunneigaren. Kartverket var etter framlegget framleis formelt vedtaksorgan, jf. gjeldande stadnamnlov § 5. Hovudregelen i stadnamnlova § 4 seier at når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten for dei andre namneobjekta. Framlegget innebar å unnta bruksnamna frå denne regelen.

Ein konsekvens av lovframlegget som vart lagd fram i høyringsframlegget, er at bruksnamn og gardsnamn som fell saman språkleg og geografisk, ikkje nødvendigvis får den same skrive-måten. Skrivemåten av bruksnamna vil ikkje måtte følgje norske rettskrivingsprinsipp. Samtidig ville ikkje skrivemåten av bruksnamna etter dei føreslåtte reglane kunne påverke skrivemåten av andre stadnamn.

Elleve av 89 høyringsinstansar stiller seg positive til framlegget om å gje grunneigaren det avgjerande ordet i korleis namn på eigedommen eller gardsbruket skal skrivast. Det er *Hareid kommune, Stavanger kommune, Østre Toten kommune, Hemnes kommune, Bærum kommune, Bokmålsforbundet, Navnebeskyttelsen, Norske Kveners Forbund, Riksmålsforbundet, Norges Bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag*.

54 av dei 89 høyringsinstansane er imot hovudframlegget. Dette omfattar departement, statlege etatar, mållag, historielag, delar av fagmiljøet og universiteta.

Høyringsinstansane som argumenterer for lovendring, meiner at grunneigaren har hatt for lita reell påverknadskraft i saker som gjeld bruksnamn, sjølv om lova i dag seier at grunneigaren sitt syn skal vektleggjast. Dei meiner at grunneigaren har rimeleg rett til å bestemme skrivemåten av namn på eigen eigedom, også når dette skal brukast av det offentlege. Eit vesentleg moment i argumentasjonen for lovendring er at praktiseringa av lova har gjeve opphav til for mykje konflikt mellom grunneigarinteresser og det offentlege. Norsk bonde- og småbrukarlag seier at «lovforslaget ble i sin tid fremmet fordi mange eiere av gårdsbruk, bruk og gårder ble overkjørt». Navnebeskyttelsen, som har vore ein pådrivar for lovendring, skriv:

«Departementet har, denne gang, fulgt opp oppdraget gitt av Stortinget. Stortinget synes å ville ha en endring som gir klargjøring/forenkling, ikke en endring som skaper mer frustrasjon og

konflikter blant medborgere samt flere arbeidsplasser i byråkratiet. Det foreliggende høringsnotatet vil gi endringer som er klargjørende og ikke ytterligere prosessdrivende.»

Høyringsinstansane som argumenterer mot lovendring, meiner at bruksnamna er felleseige og felles kulturarv, ikkje eigedommen til ein enkelt grunneigar. Fastsetjing av skrivemåte for å ta vare på det språklege uttrykket og meiningsinnhaldet i eit stadnamn er hovudverkemiddelet for å få til

vern. Hovudframlegget til lovendring vil uthole dette verkemiddelet i bruksnamnsaker, meiner dei. I mange tilfelle vil bruksnamna tape kulturminneverdi når grunneigaren skal kunne avgjere skrivemåten av dei. Han vil kunne velje ein skrivemåte som formidlar det private etternamnet. Skrivemåten av namnet vil ikkje nødvendigvis harmonere med rettskrivingsprinsippa i norsk. Det nedervde språklege uttrykket vil ikkje nødvendigvis bli formidla.

3 Lov om stadnamn

3.1 Formålsparagrafen

3.1.1 Gjeldande rett

Stadnamnlova § 1 første ledd lyder:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

Formålsparagrafen skal gje uttrykk for intensjonen og verkeområdet til lova. Han skal også formidle til brukarane kva det skal leggjast vekt på i saksbehandlinga. Det står i merknadene til stadnamnlova § 1 at det ikkje er

«ei bestemt skriftform som er avgjerande for verdien som kulturminne, eller at denne byggjer på ein bestemt uttale, men at det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved mange av dei, særleg dei eldre, som kastar lys over tidlegare tiders liv og virke, kjem fram [...] Den skriftforma namna får, skal ikkje skyggje for meiningsinnhaldet, og i dei fleste tilfella er stadnamna samansette av vanlege ord sjølv om uttalen varierer.»

I forarbeida til paragrafen, Ot.prp. nr. 42 (2004–2005), står det at det er lagt vekt på kulturminneaspektet, det praktiske formålet og aktiv bruk av namna i utforminga av paragrafen.

Det som synest å vere den sterkaste drivkrafta bak konfliktar om skrivemåten av gards- og bruksnamn, er at grunneigarar knyter ein personleg identitet til ein spesiell skrivemåte. Denne skrivemåten av gardsnamnet eller bruksnamnet har ofte, men ikkje alltid, funksjon som etternamn. I ein analyse av klagesaker som gjeld gards- og bruksnamn, kjem det fram at ein del grunneigarar oppfattar skrivemåten av etternamnet som det «eigentlege» namnet¹. Språkhistorisk sett er det omvendt. Etternamnet har kome til seinare enn gardsnamnet eller bruksnamnet, ikkje før. Etternamna kan i tillegg ha ein forvanska skrivemåte

som bryt med norsk rettskriving og dekkjer over tydinga av ordet eller orda som dannar namnet.

Det er den språklege tydinga av namnet som først og fremst har kulturminneverdi. Skrivemåten er eit verkemiddel som blant anna skal få fram kva namnet tyder.

3.1.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet at formålsparagrafen i hovudsak blir vidareført, men at formidlinga av meiningsinnhaldet som vernetiltak blir gjort eksplisitt i paragrafen:

«Ordet «tenleg» blir bytt ut med leddsetninga «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet».

Ordlyden i § 1 første ledd vart etter lovframlegget:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

Det er allereie med i særmerknadene² til stadnamnlova § 1 at hovudformålet med offisiell normering er at «skrivemåten namna får, ikkje skal skyggje for meiningsinnhaldet», og departementet føreslo å ta dette inn i lovteksten og ta ut ordet «tenleg». Det går ikkje fram av forarbeida til paragrafen kva adjektivet «tenleg» tilfører, anna enn at det understrekar at skrivemåten skal vere «praktisk og tenleg». Departementet føreslo å byte ut ordet «tenleg» med leddsetninga «og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet».

¹ Nordland, Ingvil 2009. *Normering av stedsnavn i skjæringspunktet mellom vedtaksorgan og grunneier: en analyse med bakgrunn i klagenemndas behandling av saker fra Midt-Norge i perioden 1992–2008*. Masteroppgave i nordisk, særlig nordisk språkvitenskap, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO.

² Jf. Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) Om lov om endringar i lov 18. mai nr. 11 om stadnamn m.m.

3.1.3 Synspunkta i høyringsrunden

Få høyringsinstansar hadde meininger om framlegget til endring i formålparagrafen. Av dei som har uttalt seg, er det *Norsk namnelag* som er tydelegast imot: «Vi går i mot ei endring av paragrafen avdi dette er ei for snever avgrensing av kva eit nedervd stadnamn er.» Norsk namnelag er samd i at meningsinnhaldet i stadnamna er viktig ut frå eit kulturvernomsyn, men meiner at departementet snevvar verdien til namna inn når det står i høyringsnotatet at «[d]et er den språklege tydinga av namnet som først og fremst har kulturminneverdi». Namnelaget seier at «[d]et som fyrst og fremst har kulturminneverdi er den nedervde uttala. I praksis vil det seie den skriftforma som ligg nærast nedervd uttale.»

Riksmålsforbundet er også avventande til framlegget, men av andre grunnar. Dei går inn for å fjerne «tenleg» i tråd med forslaget, men minner om at meningsinnhaldet ikkje sjeldan er utilgjengeleg for folk, uansett skrivemåte: «Det kan være at to former det står strid om, sier omtrent like lite, jf. saken om *Hveem/Hveim/Kveim/Kvem* o.l. fra 2008. Dette gjelder sikkert mange navn hvis meningsbærende del eller grunnlag ikke lenger finnes i språket, eller hvor det kan være flere plausible tolkninger». Riksmålsforbundet meiner også at folk «er nok interessert i betydningen av et vel innarbeidet navn, men neppe så intenst som navneforskerne. Vi antar at de fleste vil sette det praktiske foran det historisk-filologiske». Riksmålsforbundet går ikkje imot formuleringa «som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet», men foreslår å endre teksten til å framheve det praktiske framfor det språkhistoriske elementet. Framlegget er å setje inn «først og fremst» før «praktisk» og deretter halde fram setninga som i framlegget frå departementet.

Riksantikvaren er blant dei som støttar framlegget til endring av formålparagraf. Han framhevar den kulturhistoriske verdien av namna og verdien namnegransking har som hjelpedisiplin for arkeologi. Riksantikvaren «er svært medviten om at stadnamn er viktige kulturminne på linje med dei fysiske kulturminna og kulturlandskapet dei er del av, og at det opphavlege meningsinnhaldet (dvs. etymologi) er ei viktig historisk kjelde som mange har stor interesse for, og som har mykje å seie for det daglege arbeidet til kulturminneforvaltninga, ikkje berre for registerføring men òg til dømes for arkeologisk registrering av kulturminne i marka». Riksantikvaren ser det difor som viktig at formuleringa «som ikkje skyggjer

for meningsinnhaldet» blir teke inn i § 1 første leddet staden for «tenleg».

Fagmiljøet, t.d. *Kartverket* og *Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka* støttar i hovudsak framlegget, men ønskjer at det kjem klarare fram at det ikkje berre er det språkhistoriske innhaldet i eit namn som er verneverdig, men også sjølv forma namnet har i nedervd lokal uttale. Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka foreslår t.d. ei tekstleg endring i første punktum i § 1: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som *språklege* kulturminne [...]». Kartverket skriv at «det språklege ved stadnamna også er eit viktig kulturaspekt. [...] vi må ha i mente at ein i norsk namnegransking – og i dei ulike regelverka for normering – gjennom historia har brukt den nedervde lokale uttalen som normeringsgrunnlag.» Fagmiljøet peikar på, som Riksmålsforbundet, at ikkje alle namn gjev mening for dei fleste, verken i nedervd uttale eller i ulike skrivemåtar av namnet. Kartverket ber om det blir presisert i merknadene til lova at vektlegginga av meningsinnhaldet i formålparagrafen ikkje betyr at ein i saksbehandlinga skal tilbakestille namn, t.d. å endre *Kragerø* til *Kråkerøy* for å få fram meningsinnhaldet.

Summen av vurderingane frå høyringsinstansane er at framhevinga av at skrivemåten av eit stadnamn ikkje skal skyggje for meningsinnhaldet, ikkje må bety det same som at eit nedervd stadnamn *skal* ha ein skrivemåte som gjer namnet forståeleg. Mange av høyringsinstansane stør likevel framlegget om at framhevinga av meningsinnhaldet skal inn i formålparagrafen, dersom det blir presisert at det språklege uttrykket i seg sjølv er verneverdig.

3.1.4 Departementets vurdering

Departementet meiner at lovteksten i dag ikkje formidlar godt nok kva det er ved stadnamn som er verneverdig, og dermed kva formålet med lova er. Dette fører også til at verkemiddelet for vern, nemleg vedtak om skrivemåte, ikkje blir forstått som eit tiltak for vern. Departementet meiner det derfor er viktig å styrkje formålsteksten på ein måte som legitimerer og forklarar kva vernetiltaket, offisiell normering, skal medverke til.

I høyringsnotatet skreiv departementet at «[f]ramlegget til endring i formålsteksten er ei direkte legitimering av offisiell normering som vernetiltak». Ettersom ingen av høyringsinstansane har innvendt noko mot dette, legg departementet til grunn at verkemiddelet i lova, offisiell normering, har stor oppslutnad. Dette er også

indirekte ei anerkjenning av den språkhistoriske og namnefaglege kompetansen som skal til for å vurdere skrivemåte av eit stadnamn.

Likevel ser det ut til at omtalen av framlegget til ny formulering av formålsparagrafen ikkje har vore presis nok. Vektlegginga i høyringsnotatet av at skrivemåten ikkje skal skyggje for meningsinnhaldet, har vore kritisert i høyringsrunden. Departementet er samd med Norsk namnelag i at følgjande setning er misvisande: «Det er den språklege tydinga av namnet som først og fremst har kulturminneverdi». Stadnamn er først og fremst eit språkleg uttrykk. Departementet finn det uheldig at høyringsnotatet ikkje har presisert at det språklege uttrykket i seg sjølv har verneverdi. Indirekte har dette likevel kome fram. Fleire stader er det uttrykt at det er den nedervde lokale uttalen som er utgangspunktet for normeringa, og som dermed i utgangspunktet skal vidareførast, tilpassa norske rettskrivingsprinsipp. Reglane i stadnamnlova § 4 om skrivemåten av stadnamn slår fast at «det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen». Dette utgangspunktet bør vidareførast.

Intensjonen med endringframlegget var å legitimere vernetiltaket normering tydelegare. Ein av konsekvensane av lovframlegget er at ein grunneigar kan unnta bruksnamna frå slik normering. Dermed vil skrivemåten av bruksnamn ikkje nødvendigvis følgje norske rettskrivingsprinsipp, men til dømes få ein skrivemåte som skyggjer for meningsinnhaldet. Dette opnar endringa i § 8 for med regelen om at i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn, har grunneigaren det avgjerande ordet. Det er likevel ikkje slik at bruksnamna automatisk er unnateke vern og normering. Kartverket er framleis vedtaksorgan. I denne situasjonen ønskjer departementet at formålsparagrafen kommuniserer kva som kjenneteiknar den offisielle normeringa. Dei nærare reglane for normering går fram av § 4 *Reglar om skrivemåten og forskriftene til stadnamnlova*.

Framlegget til formulering i stadnamnlova § 1 var derfor å «gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet». Dette betyr ikkje at ein i normeringa skal få fram meningsinnhaldet i namnet. Siktemålet er at skrivemåten i seg sjølv ikkje aktivt skal bidra til å skyggje for meningsinnhaldet. I dette legg vi både at det språklege uttrykket og innhaldssida til stadnamnet har verneverdi. Departementet gjorde i høyringa merksam på at vektlegginga av meningsinnhaldet ikkje betyr at ein i saksbehandlinga skal tilbakestille og endre skrivemåten av namn som

gjennom tida har fått ein uttale og dermed ei rettskriving som gjer at meningsinnhaldet er uklart. Langt frå alle stadnamn har språkelement i seg som gjer at meningsinnhaldet er tydeleg. Dette gjer dei ikkje mindre verdifulle å bruke og vidareføre.

Departementet held fast på den føreslåtte formuleringa i formålsparagrafen, men ser det som nødvendig med nærare presiseringar i lovmerkna-dene. For at lovteksten også skal formidle at det språklege uttrykket har verneverdi, føreslår departementet å endre lovteksten i første punktum, slik at § 1 *Formål og verkeområde* lyder:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som *språklege* kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som *ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

3.2 Tydeleggjering av definisjonar

3.2.1 Gjeldande rett

Definisjonane går fram av stadnamnlova § 2. I første ledd bokstav a er omgrepet *stadnamn* definert som «namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast». I allmennordbøkene er *stad* definert som «avgrensa område, plass eller flekk», som i uttrykket «eg bur på ein liten stad».

I bokstav b, c og d blir gardsnamn, bruksnamn og nedervd stadnamn definert.

Eit *gardsnamn* er etter lova ikkje namn på ein enkelteigedom, slik forståinga ofte vil vere i daglegtalet. Derimot er *bruksnamn* «namn på eigedom [...]». Dei fleste grunneigarar til eit bruk vil til vanleg omtale bruket som ein *gard*, sjølv om det etter forståinga i lova er eit bruk med eit nærare definert *bruksnamn*, ikkje ein *gard* med eit *gardsnamn*. I tillegg ser vi også tendensar til at *bruksnamn* blir forstått som «det namnet vi brukar», altså eit slags daglegnamn på eit bruk som offisielt heiter noko anna. Dette er alt i alt med på å komplisere forståinga av termane gardsnamn og bruksnamn. Legaldefinisjonane er ikkje dårlege kvar for seg eller seg imellom, men det er vanskelig å sjå bort frå at allmennforståinga av ordet *gard* og gardsbruk kompliserer forståinga av termane bruksnamn og gardsnamn, slik dei er definerte i lova.

I § 2 bokstav e er lokal talemålsform definert.

Primærfunksjon er eit sentralt omgrep i stadnamnlova og er med i hovudregelen i ein av dei mest sentrale paragrafane, § 4 *Reglar om skrivemåten*: «Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i pri-

mærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.» Termen primærfunksjon er spesialisert, men ikkje definert i lova.

3.2.2 Høyringsnotatet

Departementet peikte på at termene gardsnamn og bruksnamn går over i ein annan i daglegtalet, men at det i legaldefinisjonane er eit tydeleg skilje. Denne situasjonen har skapt eit formidlingsproblem som også har hatt innverknad på dei prosessane som har initiert lovarbeidet. Departementet vurderte å skifte ut dei gjeldande termene med termar som kunne formidle skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn betre, men kom til at det er betre å tydeleggjere sjølve definisjonen av termene.

Det er eit poeng i seg sjølv å ikkje endre termar for ofte. Framlegg til nye termar i ei lov skapar ofte nye spørsmål om avgrensingar til andre lovverk osv. Ein veit betre kva som er problemet med termene i dag enn kva eventuelle problem ein ny term vil skape. Derfor var framlegget til lovending at definisjonen av *bruksnamn* vart endra slik at ordet «gardsbruk» kom inn i definisjonen i ny § 2 bokstav c. *Gardsbruk* ligg tett på det ein grunneigar vil kalle eigedomen sin, og det er *namnet på gardsbruket* han får større råderett over etter framlegget til lovending, ikkje gardsnamnet (namnet på eit gardsområde som dekkjer fleire bruksnummer). Framlegg til definisjon av *bruksnamn* var i høyringa «namn på *gardsbruk* eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer».

Argumentasjonen til departementet var at dette ikkje er ei endring av det materielle innhaldet i lova, men ei inkludering av den allmenne forståinga av omgrepet *gard* i lovteksten. Det juridiske skiljet mellom bruksnamn og gardsnamn er like skarpt.

Departementet føreslo også at fagtermen *primærfunksjon* skulle ha ein definisjon i lovteksten, og tilrådde å bruke den definisjonen som allereie er etablert i rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn, punkt 1: «den lokaliteten eit namn opphavleg vart brukt om». Departementet føreslo at *primærfunksjon* skulle definerast i stadnamnlova § 2 første ledd i ny bokstav g: «*primærfunksjon: den lokaliteten eit namn opphavleg vart brukt om*».

I kommentarane til § 2 går det fram at lovframlegget i 2005 var å endre omgrepet frå «nedervd lokal uttale» til «den lokale talemålsforma». I stor-

tingsbehandlinga av lovendinga vart dette framlegget reversert:

«Komiteen meiner ein må halde på «nedervd lokal uttale» som normeringsgrunnlag for skrivemåten, og går imot endringsforslaget frå Regjeringa på dette punktet. Medan det er relativt uproblematisk å normere namn etter «nedervd lokal uttale», vil formuleringa «den lokale talemålsforma» opne opp for ei rad tolkingar. Påstand vil stå mot påstand, og det vil truleg opne for fleire konflikhtar. Komiteen meiner formuleringa «nedervd lokal uttale» tek større omsyn til stadnamn som verneverdige kulturminne enn det som er tilfelle med «den lokale talemålsforma». Den nedervde dialektuttalen ber òg i seg tradisjonar og minne som i sterkare grad gir ein historisk identitet. «Nedervd lokal uttale» er dessutan ein innarbeidd og eintydig term i stadnamngransking og -normering.»³

Det opphavlege omgrepet *nedervd lokal uttale* kom inn i § 4, men vart ikkje tilbakestillt i § 2. Omgrepet *lokal talemålsform* vart ikkje teke ut av § 2, slik at no står det ein definisjon av dette i bokstav e som ikkje skal vere der.

3.2.3 Synspunkta i høyringsrunden

Riksantikvaren og *Hemnes kommune* meiner gjeldande definisjon av stadnamn er betre enn den som var føreslått i høyringsnotatet. Den gjeldande definisjonen er overordna og generell, medan den føreslåtte er oppramsande. *Riksantikvaren* meiner at døma som går fram av definisjonen, er «greie nok og vil fungere pedagogisk», men stiller spørsmål ved om *institusjonar* bør inkluderast i døma. Dei føreslår endringar i lovteksten, og meiner § 2 bør endrast til «*stadnamn: namn på terrengformasjonar (t.d. fjell og vatn), kulturformasjonar (t.d. gardar, vegar, bruer, bygningar, kommunar og tettstader) og andre geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast*». *Riksantikvaren* tilrår altså at definisjonen av stadnamn i bokstav a kombinerer dei oppramsande døma i framlegget til ny definisjon og dei overordna formuleringane i gjeldande definisjon. Setningsleddet som inneheld dei overordna formuleringane, trengjer kategorien *administrative område* ut og hindrar dermed «institusjonar» å bli nemnde som døme. *Riksantikvaren* gjer dette fordi dei er usikre på kva som ligg i «institusjonar»

³ Innst. O nr. 59 (2004–2005)

og meiner at «bygningar» ikkje er eit godt døme på dette.

Kartverket meiner «definisjonen av bokstav a stadnamn er bra og mykje tydelegare enn definisjonen i gjeldande lov.» Det same meiner *Språkrådet*. *Klagenemnda for stadnamnsaker* meiner at «*gardar* under bokstav a bør endres til *gardsområde* og *gardsbruk* i tråd med betegnelsene som er brukt i punkt b og c».

Når det gjeld definisjonen i bokstav c av bruksnamn, argumenterer t.d. *Ullensvang herad* for at nemninga *gardsbruk* er uheldig. Denne høyringsinstansen meiner at det heller bør stå berre «bruk», og minner om at «[d]ei fleste bruka i matrikkelen er ikkje 'gardsbruk', og det er vel alle eigedomar med eigne bruksnamn lova skal gjelda».

Justis- og beredskapsdepartementet tilrådde at omgrepet *primærfunksjon* vart teke ut av lovteksten:

«Ordet «primærfunksjon» blir i stadnamnlova brukt på ein annan måte enn slik ein ut frå vanleg språkbruk vil oppfatte ordet. I staden for å ta inn denne definisjonen av ordet i lova, slik det er gjort i utkastet til ny § 2 bokstav g, bør ordet heller erstattast av «lokalitet», «namneobjekt» eller liknande ord som gjer det klart for lesaren kva lova eigentleg talar om. Stadnamnlova vil vera aktuell for mange ulike typar lesarar, og det er då viktig at ho er forståeleg for ein vanleg språkbrukar. Vi tilrår difor at utkastet til ny § 2 bokstav g blir teke ut, og at § 4 andre ledd første punktum blir endra til «Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»»

Klagenemnda for stadnamnsaker gjekk ikkje imot å definere primærfunksjonen i bokstav g, men meinte definisjonen var uheldig formulert fordi han «gir inntrykk av at en primærfunksjon er det samme som en lokalitet». *Klagenemnda for stadnamnsaker* føreslo to heilt omarbeidde alternativ til definisjon av omgrepet.

3.2.4 Departementets vurdering

Departementet har vurdert dei innkomne framlegga til tekstlege endringar, men held i hovudsak fast på framlegget i høyringsnotatet til definisjon i bokstav a. Ut frå erfaring med korleis lova blir oppfatta, er det ikkje nødvendigvis slik at det er så lett å forstå at stadnamn etter definisjonen også omfattar namn på t.d. bruer, tunellar, institusjonar,

kommunar og skulekrinsar. Misoppfatningar av kva som etter lova er ein *stad* og eit *stadnamn*, er opphav til misnøye og uvisse i lokalsamfunna kring spørsmål om kva typar namn som skal ha ein skrivemåte etter stadnamnlova. Dagens definisjon av stadnamn formidlar ikkje dette intuitivt, sjølv om det kan synast klart frå ein namnefagleg ståstad.

Departementet meiner at den eksisterande definisjonen av *stadnamn* i dag er for abstrakt, og føreslår å formulere ein heilt ny definisjon. Framlegget i høyringsrunden var å ta inn i stadnamnlova § 2 bokstav a dei same forklarande omgrepa som i dag er brukte i kommentarane til § 2. Stadnamn blir etter dette ikkje lenger «punkt, liner og område», men «terrengformasjonar, kulturformasjonar og administrative område». Endringa vil gjere det enklare for brukarane å forstå kva eit stadnamn etter lova er. Framlegg til endring i definisjonen av *stadnamn* i bokstav a inneheldt ingen materielle endringar. Endringa var ei rein presisering av kva det materielle innhaldet i definisjonen er, dvs. kva omgrepet stadnamn i lova omfattar. Departementet finn likevel grunn til å justere teksten i bokstav a, slik at *gardar* blir erstatta med *gardsområde* og *gardsbruk*. Dette er ein konsekvens av framlegget til endring i bokstav b om *bruksnamn*, der *gardsbruk* kjem inn i definisjonen. Vidare har departementet funne grunn til å leggje til «namn på adresser» i definisjonen av stadnamn. Vedtak om offisiell adresse er heimla i matrikkelforskrifta § 51 første ledd⁴. I matrikkelforskrifta er det ei direkte tilvising til lov om stadnamn når det gjeld vedtak om skrivemåte. Ved å nemne adresser i definisjonen av stadnamn blir viktige namneobjekt trekte inn i definisjonen. Departementet har òg funne grunn til å ta ut «bygningar» som døme på institusjonar, slik Riksantikvaren føreslo i høyringsrunden. Ein bygning er etter vanleg språkbruk ingen institusjon i seg sjølv eller døme på det. Derimot kan ein bygning huse ein institusjon, t.d. ein barnehage, eit museum eller eit sjukehus. Definisjonen av stadnamn får denne ordlyden i endra bokstav a:

a) *stadnamn: namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser*

Når det gjeld definisjonen av bruksnamn, føreslår departementet å vidareføre framlegget i høy-

⁴ Forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)

ringsnotatet. Vi føreslår vidare å setje inn «annan» framfor eigedom:

- c) bruksnamn: namn på *gardsbruk eller annan eigedom* med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer

Omgrepet bruksnamn omfattar alle bruk og andre eigedommar det er knytt eit bruksnummer til. Det er irrelevant om det er knytt gardsdrift til bruksnummeret.

Departementet er vidare samd i vurderinga frå Justis- og beredskapsdepartementet når det gjeld den foreslåtte definisjonen av *primærfunksjon*. Det er viktig at lovteksten så langt som mogleg er forståeleg for alle som les han, ikke berre for dei som tilhøyrrer det fagfeltet lova regulerer. Lovteksten treng ikkje innehalde ein term som må definerast, dersom det går an å skrive med ei setning det termen dekkjer. Eit tilleggsmoment i denne vurderinga er innspelet frå Klagenemnda for stadnamnsaker, som meinte at den etablerte definisjonen av *primærfunksjon* som departementet ønskte å ta inn i stadnamnlova § 2 bokstav g, var misvisande. Dei føreslo to alternativ til definisjon. Departementet tek dette som ytterlegare eit signal om at omgrepet primærfunksjon er ein for komplisert fagterm til at det er tenleg å formidle han i ein lovtekst, sjølv om det innhaldet termen formidlar, er heilt sentralt i forståinga av lova.

Departementet viderefører på denne bakgrunnen ikkje forslaget om å ta inn ein definisjon av begrepet primærfunksjon i stadnamnlova § 2. Departementet meiner det er betre å setje inn ei beskrivande setning der begrepet i dag er nytta i lovteksten, i samsvar med det Justis- og beredskapsdepartementet føreslår, jf. punkt 3.4.3 nedanfor om § 4 *Reglar om skrivemåten*:

«Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

Det vil ikkje innebere ei materiell endring å erstatte ordet primærfunksjon med ei setning, men det vil pakke ut eit vanskeleg ord som er viktig for å forstå lova. Det vil heller ikkje vere til hinder for at aktørar i fagfeltet held fram med å bruke omgrepet primærfunksjon i tilrådingar eller vedtak.

Departementet tek ut definisjonen av *lokal talemålsform* i § 2 første ledd noverande bokstav e og erstattar denne med ein definisjon av *nedervd*

lokal uttale, slik stortingsbehandlinga av lovframlegget i 2005 tilsa (sjå pkt. 3.2.2). Definisjonen bør vere den same som i gjeldande forskrift: «den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk».

3.3 Tydelegare namnevern

3.3.1 Gjeldande rett

Paragraf 3 i stadnamnlova kom inn ved lovrevisjonen i 2005. Formålet var å ta vare på eksisterande namnetradisjonar og samtidig sikre at gamle namn ikkje urettmessig blir brukte i kommersiell verksemd, t.d. ved at eit kjent namn blir brukt på ein ny stad som ikkje har tilknytning til det opphavlege namneobjektet, t.d. for å auke marknadsverdien til den nye staden.⁵ Paragrafen vart teken inn fordi det var stor tilslutning til det i ei spørjeundersøking i samband med ei evaluering av stadnamnlova. I evalueringsrapporten⁶ vart det omtalt som ein mangel ved lova at ho ikkje inneheldt reglar om namnevern og namnsetjing i tillegg til reglar om skrivemåten og bruk av stadnamn. Evalueringsrapporten omtalte kort at det kanskje var behov for samordning av reglane for vedtak om skrivemåte og reglane for å velje namn, som både då og no er spreidde i ulike lover eller følgjer av sedvane. Ein konkluderte med at det ville ha for vidtrekkjande konsekvensar å flytte alle reglar om namnsetjing til lov om stadnamn, og gjorde det ikkje.

Reglane om namnevern og namnsetjing i stadnamnlova § 3 fastslår ikkje vedtaksmyndigheit for val av namn i ulike situasjonar innanfor verkeområdet til lova, men er ei støtte for formålsparagrafen. Sjølv om namneval ikkje er del av saksbehandlinga etter stadnamnlova, gjeld likevel klageretten i stadnamnlova når og dersom vedtak etter anna lovgjeving kan seiast å vere i strid med § 3.

Ulike namneval som stat, kommune og fylkeskommune gjer, følgjer av lov og sedvane. I stadnamnlova er det få direkte tilvisingar til anna lovgjeving, sjølv når skrivemåten, etter at det aktuelle namnevalet er gjort, skal følgje reglane i stadnamnlova. Vedtak om offisiell adresse er heimla i matrikkelforskrifta⁷ § 51 første ledd. Her er ei

⁵ Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.

⁶ Kulturdepartementet 2001. Evaluering av stadnamnlova. Avgitt til Kulturdepartementet januar 2001. http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rapporter_planer/rapporter/2001/evaluering-av-stadnamnlova.html?regj_oss=1&id=521571

direkte tilvising til lov om stadnamn når det gjeld vedtak om skrivemåte:

«Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen. Skrivemåten fastsettes etter reglene i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.»

Tilsvarande heimel finst ikkje for andre stadnamn som kommunen har ansvaret for. Det kan stillast spørsmål om det er eit uklart lovgrunnlag for at kommunane vel namn innanfor kommunegrensene, når dette namnevalet ikkje skjer i adresseringssamanheng etter matrikkelforskrifta § 51. I Meld. St. 12 (2011–2012) *Stat og kommune – styring og samspel* blir det gjort greie for kommunelova og det kommunale sjølvstyret:

«Det går fram av § 6 at kommunane er eigne rettssubjekt. Dette set skrankar for styringa frå andre instansar og gjev kommunane kompetanse. Kompetansen er i utgangspunktet autonom og gjev kommunane høve til å binde seg sjølv. Det er ikkje gjeve generelle avgrensingar på kommunane sin kompetanse til å binde seg sjølv. Kommunane har som tidlegare nemnt negativt avgrensa kompetanse i Noreg. Det inneber at dei kan gjere kva dei vil så lenge det ikkje er ulovleg eller oppgåva er lagd til andre. Rammene for kva som er lovleg, følgjer både av lovfesta og ulovfesta rett. Dersom kommunen som offentleg myndigheit skal binde andre, må han likevel ha eigen lovheimel for det.»

Høvet kommunen har til å velje namn i tilfelle som ikkje gjeld adressering, følgjer av den negativt avgrensa kompetansen til kommunen.

Alle tiltak som kommunen har ansvaret for, og som treng eit namn, har kommunen rett til å velje namn på. Indirekte viser stadnamnlova også til denne kompetansen når det i § 1 *Formål og verkeområde* tredje ledd blir slått fast: «Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta.» Skrivemåten av stadnamn vedtek kommunen etter reglane i stadnamnlova. Dersom kommunen gjer eit val av nytt namn eller eit vedtak som set til sides eit innarbeidd namn, og dette kan seiast å vere i strid med § 3 i stadnamnlova, gjeld klagereglane i stadnamnlova.

Terrengformasjonar som fjell og vatn har oftast godt innarbeidde namn, men det hender

likevel at dei ikkje har det. Det er ingen som i dag har lovheimla rett til å velje namn på t.d. fjelltoppar som det faktisk ikkje finst namn på. Kartverket er i dag vedtaksorgan for skrivemåten av naturnamn. Nye, utradisjonelle namn som Stølsheimen, Breheimen, Skarvheimen og Huldreheimen er tekne i bruk av Turistforeningen eller lokale turlag på store naturområde dei siste tiåra og har dels kome i offentleg bruk (på kart, skilt og liknande). Kommunar og lokale foreningar reagerer ofte på at det blir teke i bruk namn utan rot i lokal tradisjon. At nye namn oppstår, kan jamførast med at nye ord oppstår i språket. Det er vanskeleg å seie at dei ikkje finst, viss enkelte hevdar å bruke namna. Likeins er det vanskeleg å vedta at dei finst viss dei ser ut til å vere døgnfluger og det ikkje kan visast til noko gjennomslag i språket over tid. Generelt vedtek ikkje Kartverket skrivemåte av slike namn før det har gått ei viss tid, og namna har vorte innarbeidde i språket og påviseleg er i levande bruk.

3.3.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo desse endringane knytt til namnevern:

- ny tittel
- språklege endringar i første ledd
- eit nytt andre ledd med presisert innhald

Departementets føreslo denne formuleringa av § 3 i høyringsnotatet:

§ 3 Namnevern

Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom

- a) *det ikkje er i bruk som verna etternamn, eller*
- b) *det ikkje er eit særeige namn, eller*
- c) *det ikkje av andre grunnar bør vernast*

Eit nedervd stadnamn som er i bruk i ein funksjon, kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon på staden i same funksjonen. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

Ettersom stadnamnlova ikkje inneheld vedtaksreglar om namneval, meinte departementet det er misvisande når tittelen på § 3 inneheld ordet «namnsetjing». Paragraf 3 er ingen vedtaksregel, men med namnsetjing i tittelen kan paragrafen sjå ut som det. Departementet meinte at tittelen på paragrafen skapar forvirring kring heilt sentrale formål med ei lov, nemleg å slå fast kven som har rett til å gjere kva. Framlegget til lovendring var

⁷ Forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)

derfor å fjerne namnsetjing frå tittelen i § 3. Ei slik endring tilfører eller fråtek ikkje lova materielt innhald, men er klargjerande for innhaldet i paragrafen og tilhøvet mellom stadnamnlova og anna lovverk.

Departementet meiner at første leddet i § 3 er tungt å lese, og føreslo ei språkleg endring i førsteleddet som ikkje endrar på innhaldet i føresegna, men som får fram innhaldet på ein betre måte.

«Som hovudregel» vart føreslått stroke frå setninga, fordi det er overflødig.

I innhald presenterer første ledd § 3 i dag fleire vilkår som skal vere oppfylte for at eit stadnamn kan takast i bruk på ein stad det tradisjonelt ikkje høyrer heime. I form ser derimot det første leddet ut som eit omfattande forbod. Departementet føreslo i høyringa å endre setninga til å bli ein presentasjon av vilkår i ein hovudregel, med vilkåra oppramsa i bokstavpunkt. På denne måten, meinte departementet, kjem forma meir i tråd med innhaldet, som er å presentere vilkår for når eit namn kan takast i bruk på ein stad det tradisjonelt ikkje høyrer heime.

3.3.3 Synspunkta i høyringsrunden

Klagenemnda for stadnamnsaker meinte særlege grunnar i stadnamnlova § 3 andre ledd andre punktum må definierast i merknadene, og at naturkatastrofar, omfattande ulykker eller tragiske hendingar kan vere døme på særlege grunnar.

Justis- og beredskapsdepartementet meinte at dersom *funksjon* i framlegget til stadnamnlov § 3 betyr det same som funksjon i framlegget §§ 2 og 4, så bør stadnamnlova § 3 andre ledd formulerast i tråd med desse paragrafane. Justis- og beredskapsdepartementet rådde til å ikkje definere primærfunksjon i stadnamnlova § 2 og til å unngå termen i § 4. I staden rår dei til å omskrive aktuelle paragrafar meir forklarande ut frå det lova legg i *primærfunksjon*, jf. punkt 3.4.3. Dei føreslår eit nytt andre ledd formulert slik: «Eit nedervd stadnamn som er i bruk for eit namneobjekt, kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon på staden for det same namneobjektet.»

3.3.4 Departementets vurdering

Departementet har kome til at første ledd § 3 kan forenklast meir enn det framlegget som vart sendt på høyring. Vanlegvis vil framstilling med bokstavpunkt bidra til å gjere reglane oversiktlege å lese. Men sidan vilkåra kjem oppå ein annan (er kumu-

lative), har departementet kome til at første ledd § 3 blir flytande å lese og forstå utan oppdeling i bokstavpunkt. I tillegg føreslår departementet å endre «bør vernast» til «må vernast» i bokstav c, ettersom namn som fell under § 3 første ledd bokstav c, alt er verna eller går fram av merknadane at må vernast. På denne bakgrunnen følgjer ikkje departementet opp framlegget til språklege endringar i stadnamnlova § 3 første ledd. I staden tilrår departementet at § 3 første ledd blir utforma slik:

«Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, dersom det ikkje er i bruk som verna etternamn, ikkje er eit særeige namn, og heller ikkje må vernast av andre grunnar.»

For at lova skal bli meir forståeleg for også dei som ikkje tilhøyrer fagfeltet namnegransking, trekkjer departementet tilbake framlegget om å bruke meininga «funksjon» i nytt andre ledd i stadnamnlova § 3. Vi tilrår denne ordlyden i stadnamnlova § 3 andre ledd:

«Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn, dersom det har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.»

Departementet har gått igjennom på nytt dei særlege grunnane som skal til for å byte ut eit namn. Eit punkt departementet t.d. finn lite formålstenleg i dag, er setninga i dei noverande merknadene til § 3 som seier at det ikkje «skal stillast strenge krav til «særlege grunnar» i denne samanhengen». Særlege grunnar bør vurderast forholdsvis strengt.

Intensjonen i føresegna andre ledd er todelt: 1) Å hindre at namn med stor geografisk utbreiing automatisk blir til fortrenghet for namn som har ei mindre geografisk utbreiing og 2) å hindre at eit nedervd stadnamn bli bytt ut med eit stadnamn som blir oppfatta som «finare», t.d. at kommersielt meir omsetjelege namn trengjer ut nedervde stadnamn i offisielle dokument, kart og skilt. Reglane er viktige for å ta vare på variasjonen i namneverket. Overordna handlar føresegna om å vidareføre så mange opphavlege namn på så mange namneobjekt som råd. Variasjon i kva for lokalitetar (stader) som på folkemunne eller ved vedtak har fått eit namn, gjev variasjon i tilfanget av namnetypar.

3.4 Reglar om skrivemåten

3.4.1 Gjeldande rett

I stadnamnlova § 4 er hovudprinsippa for fastsetjing av skrivemåte (normering) slått fast. Ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, men når ein fastset skrivemåte, skal denne vere i tråd med rettskrivingsprinsippa i norsk. Som i normeringsspørsmål elles er det fleire omsyn å ta. Omsyna er delvis motstridande, og i prinsippet er det opna for at stadnamn kan få ein skrivemåte med dialektnære former utanfor rettskrivinga, språkhistorisk korrekte former og former som er påverka av tidlegare rettskriving. Skrivemåten av kvenske stadnamn følgjer finske rettskrivingsprinsipp, fordi kvensk til no ikkje har hatt ei eiga rettskriving.

3.4.2 Høyringsnotatet

I 2001 vart Noreg av ministerkomiteen i Europarådet bedt om å klargjera om kvensk er å sjå på som ein finsk dialekt eller eit eige språk. Bakgrunnen var at norske styresmakter til vanleg brukte dobbeltnevinga kvensk/finsk, mellom anna fordi kvenane sjølve har brukt både kvensk og finsk som nemning.

Initiativet frå Europarådet førte til at saka i 2003 vart nærare utgreidd.

Utgreiingsrapporten konkluderte med at dei samfunnstilhøva og dei språklege tilhøva som gjeld for den kvenske minoriteten, gjer at det ikkje er noko i vegen for å sjå på kvensk som eit eige språk. Språkstrukturelle skilnader mellom kvensk og finsk talte også for ein slik konklusjon.

Rapporten var på høyring i 2004, og dei fleste som uttala seg, var positive til å godkjenne kvensk som eige språk. Dette var også eit ønske frå kvenane sjølve, og ved kongeleg resolusjon av 24. juni 2005 vart det formelt vedteke å godkjenne kvensk som eige språk. Språket skulle framleis ha vern på nivå II i minoritetsspråkpakta.

Sidan endringa av stadnamnlova i 2005 er kvensk formelt godkjent som eige språk i Noreg, og det kan derfor verke lite formålstenleg at skrivemåten av stadnamn skal følgje *finsk* rettskriving.

Departementet har gjennom løyvingar til Kvensk institutt støtta ei standardisering av kvensk språk som ein del av revitaliseringa av språket. I 2013 vart kvensk rettskriving presentert som ferdig. Departementet bad om høyringsinstansane sitt syn på om rettskrivinga er nok gjenomarbeidd til at ho bør brukast i fastsetjinga av skrivemåten av kvenske stadnamn.

Departementet føreslo følgjande endring:

- «Første ledd tredje punktum blir endra slik at kvenske stadnamn skal få ein skrivemåte etter kvensk rettskriving, ikkje lenger etter finsk.»

Framlegg til ny ordlyd § 4 første ledd, tredje punktum:

«For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i *kvensk*.»

3.4.3 Synspunkta i høyringsrunden

Få høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget i stadnamnlova § 4 om at kvenske stadnamn ikkje lenger skal følgje finske rettskrivingsprinsipp, men kvenske. Dei av høyringsinstansane som har uttalt seg, er Språkrådet, Klagenemnda for stadnamnsaker, Riksantikvaren, Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, Hardanger historielag og Norske Kveners Forbund (Ruijan Kveeniliitto). Dei er alle positive til framlegget.

Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur meiner dessutan at uttrykket «gjeldande rettskrivningsprinsipp» i stadnamnlova § 4 er mindre heldig når det gjeld norsk. Dei peikar på at prinsippa ikkje er vedtekne, slik som rettskrivinga (skriftnormalane) er. Uttrykket «gjeldande» blir derfor misvisande, for prinsippa er meir uttrykk for innarbeidd praksis enn vedtak. Riksmålsforbundet føreslo at «gjeldande rettskrivingsprinsipp» blir endra til «rettskrivingsprinsippa».

Klagenemnda for stadnamnsaker ønskjer ei presisering i siste punktum i stadnamnlova § 4 om fastsetjing av skrivemåten av finske stadnamn på Austlandet:

«I første ledd, fjerde punktum mener nemnda at formuleringen «kan tilpassast» blir uheldig. Dette fordi det for disse navnenes del ikke er noe alternativ til å følge norske rettskrivningsprinsipper, da finsk ikke lenger er et levende språk på Østlandet. Nemnda foreslår derfor følgende ordlyd for fjerde punktum: «Finske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.»» *Språkrådet* har vore inne på noko av det same.

Justis- og beredskapsdepartementet hadde ein merknad om bruken av omgrepet primærfunksjon i § 4, jf. 3.2.3. Dei føreslår at stadnamnlova § 4 andre ledd første punktum blir endra slik:

«Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retnings-

givande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka peikar på at høyringsnotatet ikkje gjev svar på korleis ein skal forvalte dei bruksnamna som er sjølvstendige namnelagingar og ikkje avleidde av hovudnamnet.

3.4.4 Departementets vurdering

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, er positive til å leggje kvenske rettskrivingsprinsipp til grunn for skrivemåten av kvenske stadnamn. Når kvenske stadnamn skal skrivast med kvensk rettskriving, vil kvensk språk kunne få eit konkret bruksområde som mange kvenar vil kjenne sterk identitet til. Normeringsomsyna som er nødvendige å ta i forvaltninga av stadnamnlova, kan også synleggjere ein språkleg variasjon innanfor kvensk som rettskrivinga tener på å bli konfrontert med. Førebelse erfaringar med kvensk rettskriving tyder på kvenske stadnamn kan skrivast omtrent på same måten, anten ein legg finske eller kvenske rettskrivingsprinsipp til grunn. Språkpolitisk vil ei lovendring kunne medføre ei statusheving for kvensk språk. På bakgrunn av dette og innspela i høyringsrunden held departementet fast ved forslaget om at kvenske rettskrivingsprinsipp skal følgjast i saker som gjeld skrivemåten av kvenske stadnamn.

Departementet føreslo i høyringsrunden ingen endringar i omgrepsbruken i stadnamnlova § 4. Innspela i høyringsrunden om «gjeldande rettskrivingsprinsipp» viser at det kan diskuterast kva som ligg i omgrepet. Omgrepet er definert i gjeldande lov § 2 f som «allmenne reglane for korleis lydar og lydkombinasjonar kan skrivast». I rettleiinga til kapittel 2 i forskriftene er desse allmenne reglane eksemplifiserte: «T.d. skal lang vokal skrivast med éin vokal og éin konsonant, som i tak, mens kort vokal skal skrivast med éin vokal og to konsonantar, som i takk. Desse prinsippa blir realiserte gjennom rettskrivinga.» Departementet meiner derfor at stadnamnlova skil mellom rettskrivingsprinsippa i norsk på eine sida og rettskrivingsnormalane på andre sida. Ein skrivemåte som er utanfor rettskrivinga, kan samtidig vere i tråd med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Det har t.d. vore mogleg å vedta dialektnære former som ligg utanfor rettskrivingsnormalane i nynorsk og bokmål. Ei form som *tjedn* (tjern) strir ikkje med norske rettskrivingsprinsipp for overføring av tale til skrift, men ligg utanfor rettskrivingane. Kj-lyden *kan* skrivast *tj-* når det er historisk

korrekt. Lang vokal blir etter dei norske rettskrivingsprinsippa ikkje skrive med dobbel i, som i *Wiik*. Rettskrivingsprinsippa er dei same for nynorsk og bokmål. Omgrepet «gjeldande rettskriving» har stått uendra i stadnamnlova sidan gjeldande lov vart vedteken i 1990, og det har etter det departementet erfarer, ikkje skapt tvil om bruken av føresegna. Ei endring frå at det står «gjeldande rettskrivingsprinsipp» til å skrive «rettskrivingsprinsippa» ville kanskje ha bidrege til å gjere skiljet mellom dei *gjeldande* rettskrivingsnormalane (som er vedtekne i Språkrådet) og rettskrivingsprinsippa bak normalane klarare. Men dersom ein fjernar «gjeldande» frå formuleringa, kan det oppfattast som det er eit svakare krav til dei prinsippa som dei *gjeldande* rettskrivingane byggjer på i dag. Ettersom formålet ikkje er å endre det materielle innhaldet i kva som er meint med rettskrivingsprinsipp, har departementet kome til at formuleringa i § 4 ikkje bør endrast.

Stadnamnlova § 4 fjerde punktum gjev i dag høve til å tilpasse skrivemåten av finske stadnamn på Austlandet til dei norske rettskrivingsprinsippa. På Austlandet, m.a. på Finnskogane, har særleg mange stadnamn finsk opphav.

På bakgrunn av høyringsinnspela ser departementet at formuleringa «kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp» har ein innebygd premiss om at det går an å tilpasse dei finske stadnamna til andre rettskrivingsprinsipp enn dei norske. Dette er ikkje i samsvar med faktiske forhold. I realiteten vil det ikkje vere noko alternativ til å nytte norske rettskrivingsprinsipp for finske namn på Austlandet. Det er dessutan dei skogfinske stadnamna det er sikta til. Departementet foreslår derfor følgjande klargjering i stadnamnlova § 4 første ledd fjerde punktum:

«Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.»

Dette er ei presisering og er ikkje meint å innebære noka endring i det rettslege innhaldet i føresegna.

Departementet er samd i Justis- og beredskapsdepartementets vurdering av bruken av omgrepet primærfunksjon. Det er viktig at lovteksten så langt som mogleg er forståeleg for alle som les han, ikkje berre for dei som tilhøyrer fagfeltet lova regulerer.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å setje inn ei beskrivende setning der begrepet primærfunksjon i dag er brukt i lovteksten.

Stadnamnlova § 4 andre ledd første punktum blir endra slik:

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten på *det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om*, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten *for dei andre namneobjekta*

Dette vil ikkje innebere ei materiell endring, berre ei språklig presisering. Det vil heller ikke vere til hinder for at aktørar i fagfeltet nyttar omgrepet primærfunksjon i tilrådingar eller vedtak der dette er formålstenleg.

Departementet er samd i at konsekvensen av at grunneigaren får råderett over skrivemåten av bruksnamn, jf. nytt andre ledd i § 6 (sjå punkt 3.6.4), også inneber at han får råderett over bruksnamnet der bruksnamnet er det opphavlege namnet på staden (der primærfunksjonen til eit stadnamn er eit bruksnamn). Råderetten over bruksnamnet gjeld ikkje berre der namnet på bruket er avleidd av eit gardsnamn. Retten gjeld òg når bruksnamnet er det opphavlege namneobjektet. Slik føreseigna var formulert og forklart i høyringsnotatet, vart det ikkje presisert om bruksnamna som opphavlege namneobjekt på ein stad med ein skrivemåte fastsett av eigaren, skal vere retningsgjevande for skrivemåten av andre namneobjekt på staden, jf. hovudregelen i § 4.

Det er ikkje rimeleg at eigarfastsette skrivemåtar skal nyttast på anna enn det som er privat eigedom, når utgangspunktet for at eigaren skal ha rett til å fastsetje skrivemåten av bruksnamnet, nettopp er legitimert i råderett over eigen eigedom. Ein slik situasjon ville i større grad svekke vernet av stadnamna i området og gje grunneigaren stor innverknad på offentleg namnegjeving. Dette ville også i større grad kunne ha ført til at namn på vegar, skular og liknande må endrast når ein grunneigar endrar skrivemåten av namnet på bruket sitt.

Departementet føreslår derfor å vidareføre regelen om at skrivemåten av eit namn i primærfunksjonen skal vere rettleiande for skrivemåten av andre namneobjekt i § 4 andre ledd første punktum. Eit gardsnamn vil likevel ikkje vere retningsgjevande for eit bruksnamn ettersom eigaren kan fastsetje skrivemåten av bruksnamnet sjølv, jf. framlegg til § 6 nytt andre ledd tredje punktum. Av og til er det likevel eit bruksnamn og ikkje eit gardsnamn som har primærfunksjon. Departementet føreslår å unnta eigarfastsette skrivemåtar frå regelen om å vere retningsgjevande for skrivemåten av dei andre namneobjekta på staden. I desse tilfella gjer vedtaksorganet vedtak om skrivemåten av dei andre namneobjekta. Dersom eigaren har valt ein skrivemåte som

er i tråd med offisiell rettskriving, vil det vere samsvare mellom skrivemåten som vedtaksorganet fastset, og den som eigaren har fastsett. Formålet med regelen departementet føreslår, er at eigarfastsett skrivemåte ikkje skal kunne påverke skrivemåten på andre namneobjekt enn på eige gardsbruk og annan eigen eigedom.

Følgjande formulering om dette blir føreslått som nytt punkt i stadnamnlova § 4, andre ledd andre punktum:

Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren.

3.5 Vedtakskompetansen til Kartverket

3.5.1 Gjeldande rett

Vedtak etter stadnamnlova er ikkje vedtak om kva ein stad skal heite, men vedtak om skrivemåten av namnet. Stadnamnlova § 5 slår fast kva instans som gjer vedtak om skrivemåten for ulike stadnamn som skal brukast av organ for stat, kommune og fylkeskommune. Med unntak av regelen i § 8 om at grunneigar fastset namn på eige bruk, har lova ingen føresegner om kven som vel sjølve namnet. Slike reglar kan derimot finnast i anna lovgjeving, t.d. matrikkellova,⁸ kommunelova⁹ og kyrkjelova.¹⁰ Det følgjer av stadnamnlova § 5 andre ledd kva namn kommunane og fylkeskommunane kan vedta skrivemåten for. I tredje ledd går det fram at Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn enn dei som går fram av andre ledd.

3.5.2 Høyringsnotatet

Departementet meinte det var behov for å presisere kva namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for etter at andre instansar etter ulik lov eller sedvane har gjort eit namneval. Ei opplisting av kva stadnamn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåte for, ville tydeleggjere vedtakskompetansen til Statens kartverk på lik linje med vedtakskompetansen til kommunane og fylkeskommunane.

Departementet føreslo følgjande endringar i stadnamnlova § 5 *Fastsetjing av skrivemåten*:

⁸ Lov om eiendomsregistrering (matrikkellova)

⁹ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

¹⁰ Lov om Den norske kirke (kirkeloven)

- Første ledd bokstav b blir endra i samsvar med dei strukturelle endringane i § 8.
- I tredje ledd blir det presisert kva namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for.

Forslag til ny ordlyd i stadnamnlova § 5 første ledd bokstav b var:

«Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av
b) eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 første ledd.»

Forslag til ny ordlyd i stadnamnlova § 5 tredje ledd første punktum var:

«Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn (terrengformasjonar), namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.»

Endringane departementet føreslo, innebar ingen materielle endringar, berre presisering av gjeldande rett.

3.5.3 Synspunkta i høyringsrunden

Klagenemnda for stadnamnsaker meinte stadnamnlova § 5 bokstav b om kven som kan ta opp bruksnamnsaker, vart uklar i framlegget til lovtekst. I stadnamnlova § 5 bokstav b fungerer ikkje tilvisinga til § 8 første ledd godt ettersom bruksnamn berre indirekte er omfatta av dette leddet. Klagenemnda for stadnamnsaker føreslo eit nytt andre ledd i stadnamnlova § 5 som tydelegare fekk fram kven som har rett til å ta opp saker om skrivemåten av bruksnamn: «Eigar eller festar kan ta opp skrivemåten av namn på eige gardsbruk eller eigedom».

Statens kartverk uttalte at «det er positivt at det no blir presisert i tredje ledd kva for namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for. Juridisk sett er det rett at Statens kartverk framleis gjer vedtak om skrivemåten av bruksnamn, også med dei føreslåtte endringane i § 8.»

Klagenemnda for stadnamnsaker meinte at det burde takast inn i lova ei formulering om at eigaren har det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn, men at Statens kartverk gjer det formelle vedtaket.

Norsk bonde- og småbrukarlag meiner lovframlegget i § 5 er «betenkelig», «fordi det fortsatt heter at Statens Kartverk gjer vedtak». Dei meiner det beste hadde vore om folkevalde organ ved-

tok skrivemåten av namn. «Det er derfor positivt at § 5 presiserer kommunenes vedtaksområde.»

3.5.4 Departementets vurdering

Departementet meiner det er viktig at det ikkje er uklart for grunneigaren eller festaren at han har rett til å ta opp skrivemåten av namn på eige gardsbruk eller eigedom. I § 5 første ledd bokstav b presiserer departementet dette i tråd med tilrådinga frå Klagenemnda for stadnamnsaker:

b) *eigar eller festar i saker som gjeld skrivemåten av namn på eige gardsbruk eller eigedom*

Ny bokstav b vil erstatte det framlegget til bokstav b som vart sendt på høyring.

Framlegget inneber inga materiell endring, verken i høve til gjeldande lov eller høyringsframleggget.

Departementet føreslår at det blir presisert i merknadene at Statens kartverk er formelt vedtaksorgan i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn, sjølv om grunneigaren har rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at skrivemåten han ønskjer, er i offentleg bruk som bruksnamn, jf. nytt andre ledd i § 6.

3.6 Nærare om saksbehandlinga

3.6.1 Gjeldande rett

Gjeldande reglar for saksbehandling vart forenkla i 2005. Før 2005 gjekk ei sak mellom dei ulike ledda i saksbehandlinga minst fem gonger. Stadnamnkonsulentane gav t.d. både førebels og endelig tilråding, og det var ikkje mogleg å gjere samlevedtak. No er dette forenkla slik at når ei namnesak er teken opp av eller med vedtaksorganet, skal ho kunngjerast for dei som har rett til å uttale seg, og berre eigar eller festar skal tilskrivast direkte. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal stadnamnkonsulentane gje tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet. Eigaren og festaren får ikkje automatisk tilsendt tilrådinga frå stadnamnkonsulentane.

3.6.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo endringar med materielt innhald i stadnamnlova § 6.

I første ledd andre punktum vart det føreslått å overføre kontrollen over bruksnamna frå Kartverket til eigaren eller festaren. Dette vart gjort ved å ta inn eit tillegg om at eigaren eller festaren «har det avgjerande ordet» i saker som gjeld bruks-

namn. Tanken var altså at synspunktet til eigaren eller festaren ikkje berre skal «tilleggjast vekt», men vere *avgjerande*. Derfor vart også fjerde punktum fjerna: «Synspunktet til eigaren skal tilleggjast særskild vekt.»

Endringsframlegga innebar ikkje at Kartverket ikkje lenger skulle vere vedtaksorgan i slike saker, men at organet skulle vedta den skrivemåten grunneigaren ønskte, så lenge eigaren eller festaren kunne dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Dette vilkåret vart etter høringsframlegget plassert i § 8 (sjå kap. 3.7.2).

Departementet såg det også som viktig at eigaren eller festaren skulle få tilsendt den faglege tilrådinga frå namnekonsulenttenesta, og gjorde derfor framlegg om at dette vart lovfesta gjennom eit tilleggspunktum i første ledd. Slik ville grunneigaren og festaren bli opplyst om moment som har kome fram i høringsrunden, og om det faglege grunnlaget for tilrådinga frå namnekonsulenttenesta. Vurderinga var også at høringsrunden og den faglege tilrådinga vart meir meningsfull og demokratisk når grunneigaren eller festaren har høve til å endre synspunkt ut frå det som har kome fram i tilrådinga og fråsegnene frå t.d. kommunen eller det lokale historielaget. Departementet vurderte det slik at kommunane i samband med dette ville få ei tilleggsoppgåve med å sende den språkfaglege tilrådinga for bruksnamn direkte til eigar eller festar. På den andre sida var framlegget at kommunane etter stadnamnlova § 8 andre ledd siste punktum slapp å sende sakene om bruksnamn på lokal høyring – dersom grunneigaren kunne dokumentere at skrivemåten hadde vore i offentleg bruk som bruksnamn. Desse sakene måtte kommunen etter framlegget heller ikkje kunngjere «i to aviser som er allminneleg lesne på staden, eller på annan høveleg måte» (jf. stadnamnlova § 6 tredje ledd). Totalt sett meinte departementet at endringsframlegga ville føre til mindre administrasjon enn i dag i kvar enkelt sak om bruksnamn.

Departementet føreslo i høringsnotatet desse endringane:

- «I første ledd andre punktum blir kontrollen over bruksnamna overført til eigaren eller festaren frå Kartverket i setninga «har det avgjerande ordet i desse sakene».
- Fjerde punktum blir fjerna: «Synspunkta til eigaren skal tilleggjast særskild vekt.»
- I første ledd siste punktum blir det innført ein saksbehandlingsregel som tilgodeser grunneigaren.»

Ordlyden i § 6 vart etter lovframlegget:

§ 6 Nærmare om saksbehandlinga

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og *har det avgjerande ordet i desse sakene*. Eigar eller festar har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet. *Tilrådingar som gjeld bruksnamn, skal kommunen sende til eigar eller festar.*

Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

3.6.3 Synspunkta i høringsrunden

Hovudframlegget i høringsnotatet gjekk fram av endringsframlegga i § 6. Her vart råderetten over skrivemåten av bruksnamna overført til grunneigaren frå Kartverket. 54 av 89 høringsinstansar var imot framlegga til endring. Elleve av 89 høringsinstansar var positive.

Navnebeskyttelsen Norge skriv: «Departementet har, denne gang, fulgt opp oppdraget gitt av Stortinget [...]. Det foreliggende høringsnotatet vil gi endringer som er klargjørende og ikke ytterligere prosessdrivende. Dette er imidlertid under forutsetning av at loven klart gir rom for at rettskrivningsprinsippet kan fravikes.»

Norsk bonde- og småbrukarlag uttalar: «Det klart mest positive og mest imøtekommande i forhold til Stortingets enstemmige ønske er følgende presisering i § 6: «Eigaren eller festaren har det avgjerande ordet i desse sakene.»»

I første ledd andre punktum i stadnamnlova § 6 var framlegget at kontrollen over skrivemåten av bruksnamna vart overført frå Kartverket til eigaren eller festaren gjennom setninga «har det avgjerande ordet i desse sakene».

Norsk lokalhistorisk institutt er representativ for dei mange høyringsinstansane som går imot endringsframlegget: «NLI mener at stedsnavn er en del av vår felles kulturarv. De er ikke gitt som eiendom til den enkelte brukeren eller festeren. Det er fellesskapets – ikke eiernes og festernes – ansvar å ta vare på de nedarvede stedsnavna, både gardsnavna, avledelede bruksnavn og andre stedsnavn.» Norsk lokalhistorisk institutt, som ikkje har noka formell rolle i forvaltning av stadnamnlova, meiner i tillegg at lova har «vært et godt redskap for oss til å skape forståelse og ro» i diskusjonar om skrivemåten av stadnamn i bygdebokmiljø. «Omfattende endringer av gjeldende lov om stadnamn er derfor lite velkomne hos oss.»

Riksantikvaren peikar på praktiske konsekvensar av framlegget om at grunneigaren får det avgjerande ordet i bruksnamnsaker. Riksantikvaren meiner at ein konsekvens er at det vil bli femseks ulike skrivemåtar av same namnet, og at dette vil skape problem for alle offentlege, eigdomsbaserte register: «Kulturminneforvaltinga sine registerdata er berre éin slik type digitale data. Riksantikvaren er midt inne i ein tung moderniseringsprosess der etableringa av autoritetsregister, smidig utveksling av data med andre etatar og forenkling av byråkrati er vesentlege omsyn. Våre data ligg i eigdomsbaserte register, og vi vil difor sterkt åtvare mot denne lovendinga av omsyn til alle som arbeider med modernisering av offentlege datakjelder og har mål om eit smidigare byråkrati. Dersom dette framlegget vedtas vil stadnamnlova bli ein tung snublestein og eit hinder i moderniseringsarbeidet.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet stilte spørsmål om det var rimeleg å likestille ein festar med ein grunneigar i framlegget til ny § 6, der eigaren og festaren har avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn.

Statens kartverk påpeikte at det i høyringsnotatet ikkje gjekk godt nok fram korleis saksbehandlinga skal vere etter framlegget til ny § 6 i stadnamnlova. Framlegget opna for at kommunen skulle sende tilrådingar frå namnekonsulentane

direkte til grunneigaren. At tilrådinga skulle sendast til grunneigaren, var grunngeve med at han skulle ha «direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkje eller endre oppfatninga hans». Denne formuleringa harmonerer ikkje med at bruksnamnsakene etter framlegget i andre ledd siste punktum i stadnamnlova § 8 kan vedtakast utan høyring i lokalsamfunnet.

3.6.4 Departementets vurdering

Intensjonen er å gje grunneigaren råderett over skrivemåten av bruksnamna, jf. framlegg til første ledd nytt tredje punktum § 6 i stadnamnlova om at eigaren «har det avgjerande ordet» i bruksnamnsaker. Dette vil også kunne medføre at bruksnamn får skrivemåtar som ligg utanfor offisiell rettskriving i bokmål og nynorsk og skrivemåtar som ikkje er i tråd med norske rettskrivingsprinsipp. Departementet såg i høyringsnotatet dessutan ikkje grunn til å avgrense kor ofte skrivemåten av eit nedervd stadnamn kan endrast av eigaren. I høyringsnotatet la departementet til grunn at også grunneigarar er opptekne av tradisjon, og at dei ønskjer at namnet på bruket deira skal vere ein stabil storleik. Praktisering av lova vil vise kor store praktiske problem det eventuelt vil bli som konsekvens av lovendingane. Departementet held derfor i hovudsak fast ved dei materielle endringane i § 6 som vart føreslått i høyringsnotatet, men har likevel kome til at det bør gjerast strukturelle endringar jamført med høyringsframlegget. Føresegna om «at grunneigaren har det avgjerande ordet» i bruksnamnsaker, bør få ei anna plassering enn som eit tillegg i § 6 første ledd tredje punktum slik det var føreslått i høyringsutkastet. Første ledd i § 6 handlar nemleg om uttalerett for ulike aktørar i ulike namnesaker, inkludert i saker om skrivemåten av bruksnamn. Ei føresegn om at grunneigar skal ha det avgjerande ordet, høyrer tematisk ikkje heime i § 6 første ledd. Departementet føreslår i staden å plassere denne regelen i eit nytt andre ledd. Departementet føreslo i høyringa å plassere i § 8 eit krav til dokumentasjon av den skrivemåten som grunneigaren ønskjer. Vi har likevel kome til at det er uheldig at eit vilkår for retten som grunneigaren etter framlegget til § 6 andre ledd har til å fastsetje skrivemåte, ikkje blir presentert før i § 8. Derfor føreslår departementet å ta regelen som går fram av høyringsframlegget til § 8 andre ledd andre punktum, inn i framlegget til § 6 nytt andre ledd. Vi føreslår å ikkje vidareføre uttrykket «ha det avgjerande ordet», men slå fast ein «rett til å fast-

setje skrivemåten». Nytt andre ledd i § 6 vil dermed både slå fast retten eigaren har til å fastsetje skrivemåten av bruksnamn, og setje vilkår for denne retten. Nytt andre ledd i § 6 vil etter framlegget få denne ordlyden:

«I saker om skrivemåten av bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.»

For grunneigarar inneber framlegget ingen materielle endringar jamført med høyringsframlegget.

Departementet vil derimot ikkje vidareføre forslaget frå høyringsnotatet om at også festaren skulle ha rett til å fastsetje skrivemåte på bruksnamn. Det er i så måte ikkje rimeleg å gje ein festar tilsvarende utvida rettar som grunneigarar til å avgjere skrivemåten av bruksnamnet. Utgangspunktet har vore at retten til avgjere skrivemåten av desse namna skal følge eigedomsretten, og festerett bør derfor ikkje kvalifisere til den same råderetten over bruksnamna. Der det er både eigar og festar til same eigedomen, følgjer det av dette at grunneigaren har det avgjerande ordet. Departementet understrekar at festaren allereie i dag har rett til å ta opp saker og rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Desse rettane blir vidareførte. Framlegget til endring inneber derfor ingen materielle endringar i råderetten til festaren, men utvidar rettane til grunneigaren.

Det følgjer av stadnamnlova § 5 andre ledd at Statens kartverk framleis er det formelle vedtaksorganet for blant anna bruksnamn. Ein grunneigar skal etter framlegget måtte dokumentere overfor Kartverket at den skrivemåten han ønskjer på bruksnamnet, har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Dersom han kan dokumentere at ønskt skrivemåte har vore i offentleg bruk som bruksnamn, skal Statens kartverk vedta den skrivemåten grunneigaren ønskjer. Det er ikkje relevant om skrivemåten er i strid med norske rettskrivingsprinsipp. Dokumentasjonskrav må likevel stillast, fordi dette er skrivemåtar som skal vedtakast til offentleg bruk, og då er det innarbeidde skrivemåtar av bruksnamnet som skal ha hevd, ikkje t.d. skrivemåtar av eit etternamn som tek utgangspunkt i det nedervde bruksnamnet.

Departementet føreslår å endre ordlyden i framlegget til nytt åttande punktum i første ledd i stadnamnlova § 6 til: «Grunneigaren kan be om å få tilråding frå namnekonsulentane i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom».

Dette medfører ei materiell endring frå det som var føreslått i høyringsnotatet: «Tilrådingar som gjeld bruksnamn, skal kommunen sende til eigar eller festar». Departementet følgjer med dette opp tanken om at grunneigaren gjerne vil ha innsikt i faglege vurderingar av skrivemåten på stadnamnet (bruksnamnet) og opplysningar om kulturminneverdien til det. Tilrådinga skal likevel ikkje vere ein obligatorisk del av saksbehandlinga i kommunen. Derimot kan grunneigaren be om å få tilrådinga som service direkte frå stadnamtneasta, før han melder til Kartverket om den skrivemåten han ønskjer at bruksnamnet skal ha, med den dokumentasjonen av det som trengst. Det er Kartverket som til kvar tid gjer kartografiske vurderingar av kva namn som skal med i ulike kartverk.

3.7 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

3.7.1 Gjeldande rett

Den gjeldande hovudregelen i stadnamnlova § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* er at gardsnamn og bruksnamn som fell saman språkleg og geografisk, skal ha lik skrivemåte. Eit vedtak om skrivemåten av gardsnamnet gjev føringar for skrivemåten av namnet på eit fraskilt bruk, t.d. dersom namnet på bruket *Vik* fell saman med eit nedervd gardsnamn *Vik*. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av gamle gardsnamn og bruksnamna utleide frå gardsnamna. Eigaren eller festaren av eit bruk har kunna velje namnet og fastsetje skrivemåten av eit bruksnamn berre dersom det ikkje har vore utleidd frå eit nedervd gardsnamn.

3.7.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet desse endringane i stadnamnlova § 8:

- «Første ledd blir siste ledd med nytt innhald, jf. kulepunkt nedanfor.
- Andre ledd blir første ledd. Bruksnamn blir fjerna frå dette leddet. For bruksnamn gjeld ikkje lenger regelen om at skrivemåten av bruksnamnet må følgje skrivemåten av namnet i primærfunksjonen (dersom eit slikt namn eksisterer).

- Andre ledd får nytt innhald. Eigaren eller festaren har det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn, dersom han kan dokumentere at ønskt skrivemåte har vore i offentleg bruk.
- I nytt andre ledd siste punktum går det fram at lokalsamfunnet ikkje treng høyrast i saker som gjeld bruksnamn, dersom eigar eller festar har rett til å velje skrivemåte etter andre ledd andre punktum.
- Siste leddet i § 8 tilsvarar delvis det gjeldande første leddet. Endringsframlegget gjer det tydelegare at regelen gjeld *nye* bruk. Det blir presisert at namneval som eigar eller festar gjer, er avgrensa av reglane om namnevern i § 3.»

Ny ordlyd i stadnamnlova § 8 vart etter høyringsframlegget:

«Skrivemåten av gardsnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring.*

Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nytt bruk.»

Departementet føreslo ei strukturell og språkleg endring i § 8. Det som er gjeldande første ledd, vart etter framlegget flytta ned til tredje og siste ledd, samtidig med at det tredje og siste leddet vart omformulert. Denne endringa skulle motverke ei mistyding som gjeldande lov til ein viss grad har vore opphav til, og som har skapt forventningar til ein råderett som ikkje har vore reell. I stadnamnlova § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* vil gjeldande første punktum i første ledd etter strukturen bli oppfatta som ein hovudregel: «Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk». Denne retten til å velje namn på eige bruk gjeld i realiteten berre bruk som er nyoppretta, eller som ikkje ber eit nedervd stad-

namn. Altså er regelen meir eit unntak enn ein hovudregel. Den eigentlege hovudregelen går fram av § 8 gjeldande tredje ledd, som slår fast at skrivemåten av eit gardsnamn skal overstyre skrivemåten av eit bruksnamn når desse namna er samanfallande. Departementet meinte at det burde bli tydelegare kva som er hovudregelen i paragrafen. Dette kunne ein få til ved å endre strukturen og presisere innhaldet språkleg.

I høyringsframlegget til § 8 andre ledd andre punktum la departementet inn eit vilkår om at eigaren eller festaren må kunne dokumentere at det bruksnamnet han ønskjer i offentleg bruk, har vore i bruk av det offentlege som bruksnamn. Denne avgrensinga er mellom anna føreslått for å hindre at skrivemåte av etternamn, som er regulert i personnamnlova, automatisk skal få innverknad på offentleg normering av stadnamn. Departementet vurderte om det burde stillast krav til dokumentasjon i det heile. Viss det ikkje blir stilt krav til dokumentasjon, vurderte departementet det slik at eigar eller festar ikkje måtte grunngje ønsket sitt om skrivemåte. Dette ville ha ført til minimalt med saksbehandling i bruksnamnsaker. Departementet kom likevel til at det burde stillast visse krav til at grunneigarar kan dokumentere ønskt skrivemåte av eit bruksnamn. I vurderinga låg det at mange grunneigarar er opptekne av tradisjon og hevd, og at ein må leggje til grunn at dei ønskjer at skrivemåten av bruksnamna skal vere ein stabil storleik. Når det offentlege skal ta namnet i bruk, bør det også gjerast på bakgrunn av at saka på denne måten til ein viss grad er utgreidd.

Krav til dokumentasjon for alle undergrupper av stadnamn har til no handla om kva for kriterium som skal leggjast til grunn for at skriftformer skal kome inn under nemningane «er i bruk av det offentlege» og «godkjende og brukte i offentleg samanheng». Desse nemningane er nytta i lova § 9 tredje ledd og forskrifta § 15 første ledd. Kartverket treng slike kriterium for å vite kva for skriftformer som kan leggjast inn som godkjende etter gamalt regelverk i Sentralt stadnamnregister (SSR). Merknadene til stadnamnlova § 9 har følgjande forklaring: «Med «i bruk av det offentlege» i tredje ledd i paragrafen er meint at det offentlege nyttar namnet i tenesteutøving, på kart, skilt, i register mv. Oppføring i namnesamlingar, bygdebøker o.l. er ikkje offentleg bruk.»

Klagenemnda for stadnamnsaker og departementet har også hittil uttalt at skrivemåtar på skøyte og i private dokument blir lagde mindre vekt på enn autoriserte skrivemåtar, dvs. skrivemåtar på offisielle kart og i offisielle matriklar.

Også i dag er det høve til å leggje vekt på innarbeidde skriftformer som ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving, jf. merknadene til § 4 i forskrifta til stadnamnlova:

«Dagens skriftformer kan ha oppstått på ulike måtar, nokre meir tilfeldig, andre etter vurdering i samsvar med gjeldande regelverk. Der- som den forma som er brukt i statleg saman- heng, byggjer på det regelverket for skrivemå- ten av stadnamn som til kvar tid har vore gjeldande, bør det leggjast vekt på denne. Der- som ei anna skriftform er vel kjend og meir brukt, må det likevel vurderast om ho bør bru- kast.

Skrivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innar- beidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økono- misk karakter. Utanlandske og reint litterære namn og nyare personnamn treng ikkje følgje norske rettskrivingsprinsipp.»

Departementet føreslo i høyringsnotatet at krava til dokumentasjon av skrivemåten av bruksnamn ikkje burde vere like strenge som dei i praksis har vore før. Dette er ein funksjon av framlegget om at grunneigaren skal ha større råderett over skrive- måten av bruksnamna enn før. Det kan ikkje vere slik at krava til kjeldebruk og dokumentasjon er så strenge at dei i realiteten berre viser til doku- menttypar som inneheld stort sett tidlegare nor- merte former. Derfor opna departementet i høyringsrunden for at t.d. eit skøyte kunne vere eit døme på godkjend dokumentasjon på skrivemåte av bruksnamnet, noko det ikkje har vore til no. Departementet presiserte i høyringsnotatet at skrivemåten av etternamn på gravsteinar ikkje kan brukast som dokumentasjon på skrivemåten av bruksnamnet, heller ikkje skrivemåten av stad- namn i bygdebøker og oppføring i namnesamlin- gar. Bygdebøker har ulik fagleg kvalitet og er ikkje eigna som kjelder til skrivemåte av stad- namn, fordi dei er skrivne med veldig ulike utgangspunkt. Namnesamlingar kan ikkje brukast som kjelde til skrivemåte fordi dei kan ha som mål i seg sjølv å framstille stadnamn heilt talemåls- nært. Bygdebøker og namnesamlingar er elles verdifulle kjelder til å dokumentere lokal nedervd uttale og kulturhistoriske opplysningar om namn og namnebruk.

Råderetten til eigaren eller festaren er også i dag avgrensa av § 3 *Namnevern*. Det er derfor inga materiell endring når departementet føreslo

at det blir presisert i § 3 siste ledd at dette blir eksplisitt uttrykt i lova.

3.7.3 Synspunkta i høyringsrunden

Språkrådet meinte den språklege gjennomgan- gen av lova er god og at endringane i strukturen formidlar reglane betre.

Klagenemnda for stadnamnsaker meinte at det som etter forslag til ny struktur ville bli første ledd i § 8, kan strykast fordi det er ei unødvendig presi- sering ettersom alle stadnamn uansett er omfatta av §§ 4 til 6. Nemnda meinte det også var viktig å presisere kva som ligg i offentleg bruk i framleg- get til § 8 andre ledd. Dei meinte også at ein i gjel- dande § 8 tredje ledd, som etter høyringsframleg- get vart vidareført som andre ledd, burde unngå ordet «identisk» i formuleringa: «Vedtak om skri- vemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, [...]». Dei føreslo i staden uttrykket «bruksnamn som *fell saman* med gardsnamnet».

Klagenemnda meinte det også var viktig å pre- sisere *nytt bruk* i lovteksten, i framlegget til nytt tredje ledd. Framlegget frå nemnda til omarbeidd tekst var «Eigar eller festar kan, med dei avgren- singane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit *nyoppretta bruk* eller eit *bruk som ikkje har eit nedervd namn*».

Ingen av høyringsinstansane har stilt spørs- målsteikn ved at det i framlegget blir stilt krav til dokumentasjon om at namnet har vore i offentleg bruk som bruksnamn.

3.7.4 Departementets vurdering

Departementet følgjer opp framlegget til endring av strukturen i § 8, slik at gjeldande første ledd blir slått saman med gjeldande fjerde ledd til eit tredje og siste ledd, med presisert innhald. Gjel- dande andre ledd blir etter framlegget vidareført som første ledd. Gjeldande tredje ledd blir andre ledd. Departementet følgjer ikkje opp høyrings- framlegget om å ta ut «bruksnamn» frå det som blir nytt første ledd i § 8. Justeringane vi har gjort etter høyringsrunden, gjer at det kjem inn nye reglar i § 4 til 6 som nettopp vedkjem bruksnamn. Det blir derfor ikkje rett å ta ut «bruksnamn» frå ein regel i første ledd § 8 som viser til sentrale reglar for fastsetjing av bruksnamn. Vi har vur- dert om gjeldande § 8 andre ledd, det som etter framlegget blir første ledd, kan takast heilt ut av lova, slik Klagenemnda for stadnamnsaker føre-

slår. Det som talar for dette, er at presiseringa om «at gardsnamn og bruksnamn som geografisk og språkleg fell saman med nedervde stadnamn skal behandlast etter §§ 4 til 6» på noko vis er overflødig. Alle nedervde stadnamn skal jo behandlast etter §§ 4 til 6. Men det er så mange bruksnamn som fell saman med gardsnamn, at det truleg er viktig å framheve i lova det busetjingshistoriske og språklege sambandet mellom namna. Departementet vidarefører på dette grunnlaget gjeldande andre ledd som uendra, men som første ledd av tre ledd i § 8.

Som omtalt i punkt 3.6.4 føreslår departementet å ikkje vidareføre høyringsframlegget til formulering i stadnamnlova § 8 andre ledd nytt andre punktum om at eigaren skal ha det avgjerande ordet i bruksnamnsaker, men ta inn det materielle innhaldet om råderett over skrivmåten av bruksnamn til nytt andre ledd i § 6.

Opphavleg første ledd i § 8 var: «Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd dersom ikkje særlege grunnar talar for det». Dette vart etter høyringsframlegget endra til: «Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivmåten av namnet på eit *nytt bruk*.» Dette kan sjå ut som ei stor materiell endring, men er det ikkje. Fastsetjing av skrivmåten på nedervde stadnamn er etter gjeldande rett plassert i vedkommande vedtaksorgan. Derfor har ikkje eigar eller festar rett til å fastsetje namn på kva bruk som helst, og regelen i gjeldande første ledd første punktum er ikkje reell. Retten til å velje namn på eige bruk er avgrensa av § 3. Departementet held oppe framlegget om å presisere innhaldet i gjeldande første ledd og plassere det saman men gjeldande fjerde ledd om «andre stadnamn», slik at dette til saman utgjer nytt tredje ledd i § 8. Departementet følgjer i hovudsak opp framlegget til omformulering av § 8 nytt tredje ledd. Vi tek likevel inn dei presiseringane som Klagenemnda for stadnamnsaker føreslo: «Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivmåten av namnet på eit *nyoppretta bruk eller eit bruk som ikkje har eit nedervd namn*.» Nyoppretta bruk kan beint fram døypast, fordi dei ikkje heiter noko frå før, men dette er avgrensa av § 3 om namnevern. Dersom bruket har eit namn, men namnet ikkje er nedervd, kan også eigaren eller festaren byte ut eller endre namnet og fastsetje skrivmåten av det, med dei avgrensingane som er i § 3.

3.8 Presisering av klagereglane

3.8.1 Gjeldande rett

Alle vedtak som er gjorde etter lov om stadnamn, kan påklagast til Klagenemnda for stadnamnsaker.

Det har oppstått spørsmål om dei som har klagerett etter stadnamnlova, med tilvising til § 3 *Namnevern og namnsetjing*, kan klage på namnsetjingsvedtak gjort etter anna lovgjeving. Lov om stadnamn fastslår klagerett i § 10 med tilvising til § 5 første ledd bokstav a til c, og kven som der har rett til å reise namnesaker. Ettersom val av namn ikkje er vedtak etter stadnamnlova, gjeld ikkje saksbehandlingsreglane i lova for slike vedtak. Når eit namneval blir gjort etter anna lovgjeving, er handlingsrommet likevel avgrensa av den nemnde § 3 i stadnamnlova. Klagereglane i stadnamnlova vil gjelde dersom eit namneval eller ei avgjerd om å ikkje vidareføre eit namn som er i bruk, kan seiast å vere i strid med § 3 i stadnamnlova om vern av namn. Tilsvarande gjeld for namneval som fylkeskommunen og statsorgana gjer. Dette følgjer også av formuleringa i § 1 tredje ledd om verkeområdet for lova: «Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal *fastsetje stadnamn* [vår kursivering] eller skrivmåten av dei, eller bruke dei i tenesta».

Val av namn på nye bruk som eigaren eller festaren gjer, vil òg vere avgrensa av stadnamnlova § 3, t.d. på den måten at ein grunneigar i Vestfold ikkje kan kalle eit nytt bruk for *Stiklestad* jf. § 3 første ledd bokstav b, ettersom dette namnet har nasjonal og historisk signalverdi, med opphav i Trøndelag.

Både Stadnamntenesta og Kartverket kan gje råd om namnsetjing og god namneskikk. Språkrådet har gjeve ut ein brosjyre som er meint som rettleiingsmateriell til kommunane i adresseringsarbeidet.

3.8.2 Høyringsnotatet

Endringane som vart føreslåtte i stadnamnlova § 3, gjekk blant anna ut på å gå opp grensene og sambanda mellom namnsetjingsvedtak etter anna lovgjeving på den eine sida og vedtak om skrivemåte etter stadnamnlova på den andre. Som ein konsekvens av denne klargjeringa meinte departementet at det også var behov for å presisere retten til å klage etter stadnamnlova dersom eit namnsetjingsvedtak etter anna lovgjeving kan seiast å vere i strid med stadnamnlova § 3.

Det blir ikkje ført tilsyn med namnevala som stat, kommune og fylkeskommune gjer. Det finst derfor ikkje tal på kor utbreidd det er med namneval som strir mot stadnamnlova § 3, men frå rettleggsarbeidet til Kartverket og stadnamnkonsulentane kan det dokumenterast at problemstillingane stadig dukkar opp. Sidan namneval ikkje er vedtak etter stadnamnlova og dermed ikkje del av saksbehandlinga etter denne lova, vil brot på § 3 elles bli oppdaga relativt tilfeldig eller i høyringsrundane som gjeld skrivemåte av stadnamn. Departementet kjenner til saker der t.d. kommunar med eit pennestrok fjernar godt innarbeidde, verdifulle stadnamn i nytt planverk, fordi det t.d. verkar praktisk med få namn eller fordi dei kommunetilsette ikkje kjenner namna på staden godt nok. Andre døme er at utbyggjarar får velje namna. Inntrykket er likevel at mange kommunar, fylkeskommunar og statsorgan gjer dei fleste namnevala med omtanke for namnevern.

Departementet føreslo følgjande endring i stadnamnlova § 10:

- «Første ledd i § 10 får eit nytt punktum som klargjer klagerett dersom namnevalet strir mot § 3.
- I andre ledd blir namnet Norsk språkråd endra til Språkrådet.»

Ordlyden i nytt andre punktum i første ledd i § 10 vart etter høyringsframlegget:

Klage på vedtak om namnsetjing etter anna lovgjeving, som er i strid med § 3 i denne lova, skal behandlast tilsvarende.

3.8.3 Synspunkta i høyringsrunden

Få høyringsinstansar hadde merknader til framlegget om endring av stadnamnlova § 10. Det var ingen motførestillingar til å setje inn ei setning i lova som klargjer kven som har klagerett dersom namnevalet strir mot verneføreseigna i stadnamnlova § 3.

3.8.4 Departementets vurdering

Departementet meiner det er behov for å presisere retten til å klage etter stadnamnlova dersom eit namnsetjingsvedtak etter anna lovgjeving kan seiast å vere i strid med stadnamnlova § 3. Ei slik presisering vil også verke som ei bevisstgjerjing av t.d. kommunane som moglegvis allereie i reguleringsplanar tek i bruk namn som det seinare kan hevdist er i strid med stadnamnlova § 3 om namnevern. På bakgrunn av dette og at det ikkje har kome motførestillingar i høyringsrunden, følgjer departementet opp forslaget om å setje inn ei setning som klargjer at vedtak om namnsetjing etter anna lovgjeving som strir mot § 3 i stadnamnlova, skal behandlast etter klagereglene i stadnamnlova § 10. Framlegget er det same som vart sendt på høyring, men setningsbyggnaden er noko endra:

«Tilsvarende gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her.»

Namnet *Norsk språkråd* i andre ledd andre punktum blir endra til *Språkrådet*, ettersom dette er det vedtekne namnet på den institusjonen som frå 2005 tok over funksjonane til det tidlegare Norsk språkråd.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga som gjeld klargjering av språk, ansvar og myndigheit, dvs. endringane i paragrafane om formål, definisjonar, namnevern og klagerett, vil vonleg føre til at sakene kan gå raskare og smidigare gjennom systemet.

Det er ikkje lagt opp til endringar i reglane om vedtaksrett, dvs. kva for organ som vedtek skrivemåten av dei ulike typane stadnamn. Kommunane og andre offentlege organ vil ha same oppgåver og ansvarsområde som tidlegare.

Det største framlegget til endring er at namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren ønskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk. I saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn, vil dermed saksbehandlinga i Statens kartverk bli redusert til å vurdere den framlagde dokumentasjonen. Kartverket treng ikkje sjølv leite fram dokumentasjon for skrivemåtar som skal brukast som grunnlag for vedtak.

Bruksnamnsaker må ikkje lenger sendast på lokal høyring. Desse sakene treng kommunen heller ikkje kunngjere «i to aviser som er allminneleg lesne på staden, eller på annan høveleg måte» (jf. stadnamnlova § 6 gjeldande andre ledd). Det er grunn til å tru at dette totalt sett vil gjere at det blir mindre arbeid for kommunane i kvar enkelt sak om bruksnamn.

Det er vanskeleg å seie kor mange saker om skrivemåten av bruksnamn som vil bli reiste som resultat av lovendringa. Blir det mange nye saker, vil det føre til meirarbeid i heile saksbehandlingsapparatet, også kommunane. Etter første ledd i matrikkelforskrifta § 54 kan ein krevje adressetilleggsnamn etter følgjande regel: «Når adressen

gjelder et gårdsbruk, kan den som har hjemmel til eiendommen som eier, kreve at den offisielle adressen også skal omfatte gårdens bruksnavn, dersom navnet faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn, jf. lov om stadnamn.» Det er mogleg ei lovendring kan føre til endringar i skrivemåten av bruksnamn som er i bruk som adressetilleggsnamn, og dermed også i den offisielle adressa.

Kartverket vil også få eit meirarbeid avhengig av kor mange nye saker som blir tekne opp, og kor mange saker som på bakgrunn av den føreslåtte lovendringa blir gjenopna etter § 7 *Gjenopning*. Departementet har lagt vekt på at grunneigaren skal kunne dokumentere at skrivemåten av bruksnamnet har vore i offentleg bruk. Klare og avgrensa krav til kva som kan godtakast som dokumentasjon, vil gjere at kvar enkelt sak ikkje blir særleg ressurskrevjande.

Alle namn som har fått skrivemåten vedteken etter lov om stadnamn, skal registrerast i Sentralt stadnamnregister (SSR), som blir administrert av Kartverket. Førebels registrerer Kartverket alle vedtak, men i utviklingsarbeidet av SSR blir det no lagt opp til at kommunane sjølve skal registrere eigne vedtak. Lovendringa fører ikkje til endringar i systemet eller i modellen for SSR.

Grunneigarar som ønskjer at Statens kartverk skal vedta ein bestemt skrivemåte av namnet på gardsbruk eller eigedom, må vise fram dokumentasjon på at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn.

Departementet legg alt i alt til grunn at forslaget ikkje vil innebære nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar verken for staten, kommunane eller andre.

5 Merknader til dei enkelte paragrafane

Til § 1 Formål og verkeområde

Føresegna i noverande første ledd blir vidareført, men det er lagt inn språklege endringar som gjer at det eksplisitt følgjer av lovteksten at formålet er å ta vare på *språklege* kulturminne. Det er ikkje berre det språkhistoriske *innhaldet* i eit namn som er verneverdig, men også sjølv *forma* namnet har i nedervd lokal uttale. Det er det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved namna i *nedervd lokal uttale*, jf. § 2 bokstav e som skal vernast. Dette skal ikkje forståast som at ein særskild skrivemåte har verneverdi. Skrivemåten skal fremje meiningsinnhaldet i namnet, dvs. i seg sjølv ikkje bidra til å skjule eller gjere det vanskeleg å oppfatte meiningsinnhaldet i namnet. Det blir etter forslaget sagt eksplisitt i første ledd at normering som vernetiltak er til for å fremje meiningsinnhaldet i namnet.

Vektlegginga av meiningsinnhaldet betyr ikkje at ein i saksbehandlinga skal «tilbakestille» og endre skrivemåten av namn som gjennom tida har fått ein uttale og dermed ei rettskriving som gjer at meiningsinnhaldet er uklart. Langt frå alle stadnamn har språkelement i seg som gjer at meiningsinnhaldet er tydeleg. Dette gjer dei ikkje mindre verdifulle å bruke og vidareføre. Her er også ein viktig grunn til at ein i normeringsarbeidet skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen som har overlevert namnet, jf. § 4 første ledd. Det same gjeld for namn som har utolka eller uforståelege språkelement i seg. Dei skal vidareførast som dei er, med ei skriftform som ligg så nær uttalen som mogleg. Dialektnær skrivemåte av stadnamn skal det vere mogleg å få gjennomslag for slik det går fram av forskriftene til denne lova.

Stadnamn har ikkje berre kulturhistorisk verdi, men har i mange samanhengar stor praktisk verdi. Dokumentasjon og registrering av stadnamn bidreg til sikker stadfesting av stader, fenomen og hendingar. Kartproduksjon er eit sentralt dømme.

Til § 2 Definisjonar

Bokstav a definerer «stadnamn» som namn på terengformasjonar, kulturformasjonar, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser. Definisjonen er endra ved å ta inn i lovteksten det som står i gjeldande merknader til § 2 bokstav a i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005). I tillegg er namn på adresser lagde til. Det går fram av *forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskrifta)* § 51 at kommunar tildeler adresser, og at skrivemåten skal fastsetjast etter stadnamnlova.

Med institusjonar er meint t.d. offentlege verksemder der eit stadnamn inngår som del av institusjonsnamnet, t.d. Ullevål sjukehus. Namn på statlege institusjonar er også regulert i § 4 i forskriftene til lov om målbruk i offentlig teneste (mållova), der det heiter: «Dersom det ikkje høver med same namneforma på bokmål og nynorsk, skal namnet på eit statsorgan ha ei bokmålsform og ei nynorskform». Denne regelen er tolka av Kulturdepartementet i fleire rundskriv, sist i rundskriv nr. V-10/2001 «Namn på statsorgan med ulik namneform på nynorsk og bokmål». Statsinstitusjonar som er omfatta av mållova, har ikkje sjeldan eit stadnamn (t.d. Tromsø) i institusjonsnamnet i tillegg til eit ledd med eit institusjonelt tydingsselement (t.d. lufthamn). Det er berre stadnamnet i slike namnetypar som kjem inn under stadnamnlova. Der det er tvil om kva som skal reknast som eit institusjonsnamn etter stadnamnlova eller mållova, skal dette leggjast fram for departementet til avgjerd.

Bokstav c blir vidareført, men ordet «gardsbruk» er teke inn i definisjonen som dømme på eigedom med bruksnamn. Omgrepet bruksnamn omfattar alle gardsbruk og andre eigedommar det er knytt eit bruksnummer til. Det er irrelevant om det er knytt gardsdrift til bruksnummeret.

I bokstav e blir definisjonen av «lokal talemålsform» teken ut og erstatta med ein definisjon av «nedervd lokal uttale», jf. § 4 første ledd i lova og § 4 i forskrifta til lova. I *nedervd* ligg det at namnet er overført gjennom generasjonar (tradert). «Lokal» er i uttrykket meint presiserande, fordi det av og til førekjem ulike uttalevariantar av same

namnet som alle kan seiast å vere nedervde. Nedervd lokal uttale som normeringsgrunnlag har som utgangspunkt at det er den lokale uttalen som lettast identifiserer det språklege opphavet til namnet.

Til § 3 Namnevern

Paragrafen er ei støtte til formålsparagrafen. Overordna handlar føresegnene om å vidareføre så mange opphavlege namn som råd på den staden dei har ei tradisjonell tilknytning til.

Innhaldet i føresegna blir vidareført, men språkleg omarbeidd og presisert, både i første og andre ledd. Første leddet i paragrafen skal verne stadnamn som har tradisjon éin stad frå å bli tekne i bruk på ein stad namna ikkje har tilknytning til. Dette er namn som alt er verna eller klart må vernast. Første ledd inneheld tre vilkår. Alle vilkåra må gjelde dersom eit stadnamn skal takast i bruk på ein stad det tradisjonelt ikkje høyrer heime. At eit etternamn er verna, vil seie at det er i bruk som etternamn av færre enn 200 personar i Noreg, jf. lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn § 3 første ledd. At eit namn er «særeige» vil seie at namnet har ei tilnærma unik tilknytning til staden det har gjeve namn til, som t.d. Jarlsberg eller Portør. «Andre grunnar» refererer særleg til namn som er av særleg kulturell eller historisk interesse på ein stad. Namn som Stiklestad eller Gardermoen er døme på namn som av andre grunnar har krav på vern. Desse kan ikkje takast i bruk på ein stad dei ikkje har tilknytning til.

Andre leddet skal verne dei namna som tradisjonelt er i bruk på ein stad. Reglane i andre ledd skal hindre at namn med stor geografisk utbreiing automatisk blir til fortrenghet for namn som har ei mindre geografisk utbreiing. Dinest skal reglane hindre at eit nedervd stadnamn blir bytt ut med eit stadnamn som blir oppfatta som «finare», t.d. at kommersielt meir omsetjelege namn trengjer ut nedervde stadnamn.

«Særlege grunnar» til å byte ut eit namn kan vere at namnet er vanskeleg å skilje frå andre namn, og at dette kan skape fare for liv og helse. Døme kan vere at ambulansepersonell e.l. forvekslar namnet med eit anna eller har problem med identifisering av ei konkret adresse. Særlege grunnar kan òg vere at eit stadnamn er til vesentleg byrde for dei som bur på staden. Det skal vurderast konkret om det ligg føre særlege grunnar.

Stadnamnlova er ikkje til hinder for nydanningar av namn. Føresegnene i stadnamnlova § 3 regulerer ikkje om eller i kva grad nedervde stadnamn skal vidareførast i bruk på nye namneob-

jekt. Dersom eit namneobjekt forsvinn og blir erstatta med eit nytt, t.d. ved at ei seter blir omdanna til ei hyttegrend, er det i tråd med formålsparagrafen å vidareføre det nedervde stadnamnet på setra til det nye namneobjektet, hyttegrenda, men § 3 regulerer ikkje dette. Namneskikken på staden bør likevel følgjast.

Til § 4 Reglar om skrivemåten

Føresegna i første ledd tredje punktum blir endra. Første ledd tredje punktum fastset at kvenske stadnamn i Troms og Finnmark skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for kvensk, ikkje finsk.

Første ledd fjerde punktum blir endra. Føresegna seier at skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp. Denne endringa er berre meint som ei konkretisering for å få føresegna til å stemme overeins med det ho i røynda regulerer.

Andre ledd tek for seg dei tilfella der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden. Andre ledd første punktum blir endra slik at omgrepet primærfunksjon er bytt ut med ei setning som gjer greie for situasjonen som omgrepet var meint å dekkje. Endringa er ikkje meint å innebære noka materiell endring av innhaldet i føresegna.

Det same stadnamnet kan samstundes vere namn på fleire gardsbruk, ei grend, ein skule, ein poststad, ein haldeplass m.m. Når same namnet slik blir brukt om ulike einingar på same staden, skal det som hovudregel ha berre éi skriftform på kvart språk.

I slike tilfelle skal som hovudregel skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, vere retningsgjevande for skrivemåten på dei andre namneobjekta. Føresetnaden må vere at den nedervde lokale uttalen er den same i dei ulike funksjonane, og at det ikkje er andre grunnar som tilseier ulike skrivemåtar, t.d. skrifttradisjonen i dei ulike funksjonane, ønsket til eigaren ved bruksnamn, eller at det knyter seg sterke interesser til dei ulike formene.

Andre ledd får eit nytt andre punktum, som uttrykkjer eit unntak frå regelen i første ledd. Når eit bruksnamn er det namneobjektet som namnet opphavleg vart brukt om (namnet i primærfunksjonen), og når skrivemåten på det er fastsett av grunneigaren, jf. § 6 andre ledd, er ikkje denne skrivemåten retningsgjevande for dei andre namneobjekta på staden. I desse tilfella er det vedtaks-

organet som fastset skrivemåten for dei andre namna.

Til § 5 Fastsetjing av skrivemåten

Paragraf 5 gjev reglar om kven som kan ta opp saker, kven som kan gjere formelle vedtak om skrivemåte av namn, og kven som kan avgjere tvilsspørsmål.

Etter første ledd bokstav b er det presisert at eigar eller festar kan ta opp skrivemåten på eige gardsbruk eller eigedom. Med «festar» i første ledd bokstav b og i lova elles er meint den som har grunnboksheimel som festar. Med «eigar» er det meint den som har grunnboksheimel som eigar.

Tredje ledd første punktum blir endra slik at det blir gjeve eksempel på kva typar namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for. Kartverket gjer dei formelle vedtaka om skrivemåten av bruksnamn. Dette gjeld sjølv om grunneigaren etter stadnamnlova nytt andre ledd i § 6 kan fastsetje skrivemåten av bruksnamn.

Til § 6 Nærmare om saksbehandlinga

Etter første ledd har eigar eller festar, kommune og lokale organisasjonar uttalerett i visse tilfelle. Dette leddet er vidareført, men noverande fjerde punktum blir oppheva, og åttande punktum er nytt. Føresegna i åttande punktum fastset at grunneigarar kan be om tilråding frå namnekon-sulentane i saker som gjeld skrivemåten av eige gardsbruk eller eigen eigedom. Denne regelen er lagt til for at grunneigaren, som etter § 6 nytt andre ledd har rett til å fastsetje skrivemåten av bruksnamn, skal ha høve til å få ei tilsvarande til-råding som den vedtaksorgan får etter § 6 første ledd sjuande punktum. Tilrådinga er ikkje obliga-torisk.

Kartverket er framleis formelt vedtaksorgan etter § 5 andre ledd første punktum.

Før han melder til vedtaksorganet kva namn han ønskjer, kan grunneigaren be om å få ei fag-leg tilråding frå namnekon-sulentane, jf. ovanfor.

Andre leddet er nytt. Det presenterer retten eigaren har til å fastsetje skrivemåten i saker som gjeld nedervde bruksnamn og vilkåret for dette. Vilkåret er at han kan leggje fram dokumentasjon på at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Det blir fastsett i § 6 andre ledd andre punktum at reglane for høyring etter § 6 første ledd ikkje gjeld når eigaren kan dokumentere at skrivemåten han ønskjer, har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Andre ledd tredje punktum fast-set at dersom grunneigaren ikkje kan dokumen-

tere at bruksnamnet har vore i offentleg bruk som bruksnamn, er skrivemåten av gardsnamnet ret-ningsgjevande for skrivemåten av bruksnamnet.

Uttrykket «offentleg bruk» siktar her til at den ønskte skrivemåten av namnet på gardsbruket eller eigedomen må vere sporbare i dokument som er eller har vore tilgjengelege for allmenta, dvs. for kvar og ein. Omgrepet siktar også til at skrivemåten på namnet skal ha vore i bruk som ledd i offentleg tenesteyting. Det er presisert i lov-teksten at den offentlege bruken gjeld namnet som bruksnamn. At namnet har vore i bruk som etternamn og er godt dokumentert som det i offentleg bruk, er ikkje relevant.

Det er krav til offentleg bruk fordi det ikkje er tilstrekkeleg som grunngjeving for ein særskilt skrivemåte at skrivemåten er i bruk for t.d. eit pri-vat etternamn som har opphav i bruksnamnet. Pri-vate etternamn er regulert i personnamnlova, og skal ikkje utan vidare påverke skrivemåten av stadnamn. Det er dessutan lagt til grunn at grunn-eigaren ønskjer ein spesifikk skrivemåte på eit nedervd bruksnamn nettopp fordi skrivemåten er innarbeidd og uttrykk for ein stabil storleik. Då må dette dokumenterast når det offentlege skal ta skrivemåten i bruk.

Det er Statens kartverk som skal ta stilling til om skrivemåten av bruksnamnet er tilstrekkeleg dokumentert. Vedtaksorganet må vurdere om dei aktuelle dokumenta som blir lagde fram, oppfyller krava til vilkåra om offentleg bruk. Statens kartverk må òg ta stilling til kva vekt som skal leg-gjast på at namnet er brukt i dokumenta. Dersom grunneigaren klagar på vurderinga Statens kartverk gjer av dokumentasjonen, skal saka behandlast av Klagenemnda for stadnamnsaker. Nemnda må ta stilling til den same dokumentasjo-nen frå grunneigaren.

Dokument som er utferda av offentlege myn-digheiter, skal vurderast som relevant dokumenta-sjon. Skrivemåtar av bruksnamn som har vore brukte i tenesteyting, på kart og t.d. i register, må kunne vurderast som relevante skrivemåtar å ta stilling til. Skrivemåtar som finst i matriklar, skal vurderast som relevante. Det same gjeld for skri-vemåtar som er å finne i skøyte, gamle skulds kif-tedokument og tinglyste dokument. Private brev, gravsteinar, kjøpekontraktar, namnesamlingar, bygdebøker og avisartiklar er døme på kjelder til skrivemåtar av eit bruksnamn som ikkje er til-fredsstillande dokumentasjon, anna enn som støt-temoment. Bygdebøker har ulik fagleg kvalitet og er ikkje eigna som kjelder til skrivemåte av stad-namn, fordi dei er skrivne med veldig ulike utgangspunkt. Namnesamlingar kan ikkje brukast

som kjelde til skrivemåte fordi dei kan ha som mål i seg sjølv å framstille stadnamn heilt talemålsnært. Bygdebøker og namnesamlingar er elles verdifulle kjelder til å dokumentere lokal nedervd uttale og kulturhistoriske opplysningar om namn og namnebruk.

Grunneigaren fastset berre skrivemåten av namnet på akkurat gardsbruket eller eignedomen han eig. Skrivemåten han fastset på gardsbruket eller eignedomen, er ikkje retningsgjevande for skrivemåten av andre namneobjekt som fell saman med bruksnamnet.

I saker der eigaren tek opp saka sjølv, jf. § 5 første ledd bokstav b, og kravet til dokumentasjon i § 6 andre ledd er innfridd, kan skrivemåten av bruksnamn vedtakast utan høyring etter § 6 første ledd. I situasjonar der andre enn eigaren eller festaren tek opp namnesaker som vedkjem eit bruksnamn meir indirekte, vil bruksnamnet kunne bli del av ei høyring. Eigaren treng då ikkje vente på høyringa for å få fastsett skrivemåten av bruksnamnet, men har rett på ei tilråding frå namnekon-sulentane etter § 6 første ledd åttande punktum.

Til § 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Noverande første ledd og noverande fjerde ledd blir slått saman til eit nytt tredje ledd.

Det første leddet er noverande andre ledd vidareført.

Det nye tredje leddet blir omformulert slik at det skal gå fram at regelen ikkje gjeld kva bruksnamn som helst, men namn på nyoppretta bruk. Nyleg fråskilde bruk som ikkje har eit namn frå før, kan eigaren eller festaren gje namn til, med dei avgrensingane som er i § 3 i lova her. Dersom bruket har eit namn, og namnet ikkje er nedervd,

kan også eigaren eller festaren byte ut eller endre namnet og fastsetje skrivemåten av det, med dei avgrensingane som er i § 3.

Registrering av bruksnamn som ikkje er nedervde, skjer etter melding frå eigaren eller festaren utan at dette krev behandling som namnesak, eller at registreringa må reknast som vedtak.

Til § 10 Klage

Første leddet andre punktum er nytt. Det blir presisert at klagereglane ikkje berre gjeld vedtak etter stadnamnlova om skrivemåten av namn. Dersom vedtak om namnsetjing etter anna lov er gjort i strid med § 3 i stadnamnlova, kan saka påklagast etter § 10.

Val av namn er ikkje vedtak etter stadnamnlova. Når eit namneval blir gjort etter anna lov, er handlingsrommet likevel avgrensa av § 3.

I andre ledd andre punktum er namnet Norsk språkråd endra til Språkrådet.

Til iverksetjingsføresegna

Endringslova skal etter framlegget gjelde frå den tida Kongen fastset.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om lov om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)

I

I lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn blir det gjort følgjande endringar:

Tittelen på lova skal lyde:

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (*stadnamnlova*)

§ 1 første ledd skal lyde:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

§ 2 skal lyde:

§ 2 *Definisjonar*

I denne lova tyder:

- b) *stadnamn*: namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser
- c) *gardsnamn*: namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til
- d) *bruksnamn*: namn på *gardsbruk* eller annan eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer
- e) *nedervd stadnamn*: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar
- f) *nedervd lokal uttale*: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk
- g) *rettskrivingsprinsipp*: allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift

§ 3 skal lyde:

§ 3 *Namnevern*

Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom det ikkje er i bruk som verna etternamn, ikkje er eit

særeige namn og heller ikkje må vernast av andre grunnar.

Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

§ 4 skal lyde:

§ 4 *Reglar om skrivemåten*

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet *følgjer norske rettskrivingsprinsipp*.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet *namnet opphavleg vart brukt om*, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten *for dei andre namneobjekta*. Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren. To eller fleire skriftformer av same namn på det same namneobjektet kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) det finst fleire uttalevarianter av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Fastsetjing av skrivemåten*

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) *eit offentlig organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*

- b) *eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c) *ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn*
- d) *stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område*

Kommunen *vedtek* skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen *vedtek* skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk *vedtek* skrivemåten av *gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på statlege anlegg o.l.* dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor det same administrative området.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

§ 6 første ledd skal lyde:

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. *Eigaren eller festaren* har rett til å uttale seg i saker som gjeld *skrivemåten av bruksnamn*. *Eigaren eller festaren* har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld *gardsnamn* når skrivemåten av *gardsnamnet* skal vere retningsgivande for skrivemåten av *bruksnamnet*. *Kommunane* har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før *det blir gjort* vedtak om *skrivemåten*, skal namnekonsulentane gi tilråding. *Grunneigaren kan be om å få tilråding frå namnekonsulentane i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom.*

§ 6 andre ledd skal lyde:

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskte skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.

§ 8 skal lyde:

§ 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.

Eigaren eller festaren kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nyoppretta bruk eller eit bruk som ikkje har eit nedervd namn.

§ 10 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Tilsvarande gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov, dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her.

§ 10 andre ledd andre punktum skal lyde:

I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi *Språkrådet*, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.